



Norges miljø- og  
biovitenskapelige  
universitet

Masteroppgåve 2017 30 stp  
Fakultetet for Landskap og samfunn

## **Styringsnettverk som reiskap for berekräftig reiselivsutvikling**

- ein analyse av Grøn fjord-partnarskapet  
som koordinator i verdsarvområdet  
Vestnorsk fjordlandskap, delområdet  
Geirangerfjorden

Network and governance in the development of  
sustainable nature based tourism

Ingrid Kongsvoll  
Master i Naturforvaltning

## **Forord**

Denne oppgåva er ein del av prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk fjordlandskap”. Dette er eit samarbeid mellom bl.a. Nærøyfjorden Verdsarvpark, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet (NMBU) og Transportøkonomisk institutt (TØI). Regionalt Forskningsfond Vestlandet (RFFVEST) har finanisert hovuddelen av prosjektet og Verdsarvrådet for Vestnorske fjordlandskap er prosjektansvarleg. Mi oppgåve har sprunge ut av underproblemstillinga om forvaltning og koordinering i Verdsarvområdet. Vestnorsk fjordlandskap består av dei to delområda Nærøyfjorden og Geirangerfjordområde. Tilsvarande undersøking av koordinering har vorte utført i Nærøyfjordområde. For å kunne samanlikne koordineringa i dei to områda tek denne oppgåva utgangspunkt i Geirangerfjordområde.

Denne oppgåva markerer slutten på min mastergrad i naturforvaltning ved NMBU. Oppgåva er skrive for Instituttet for by- og regionsplanlegging. Prosessen og arbeidet med oppgåva har vore svært lærerikt og spanande. Eg vil takke min hovudrettleiar, førsteamanuensis Knut Bjørn Stokke, for god og konstruktiv rettleiing gjennom heile prosessen. Eg vil spesielt takke han for sitt gode humør, inspirerande fagdiskusjonar, og at eg alltid har følt at han har tid når eg har trengt råd og rettleiing. Takk også til min bi-rettleiar, Jan Vidar Haukeland, for nytige innspel i planlegginga av prosjektet og for å vere tilgjengelig for råd. Takk til informantane mine som tok seg tid til å stille opp og viste engasjement og interesse for prosjektet. Takk til prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk fjordlandskap” for økonomisk støtte til feltarbeidet, og Fjellsenteret i Lom for kontorplass.

Til slutt vil eg takke venner for støtte og oppmuntring. Ein spesielt stor takk til familien for god støtte, og for at de alltid er der for meg og har trua på meg!

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet  
Ås, 12. mai 2017

Ingrid Kongsvoll

## **Samandrag**

Denne studien har undersøkt koordinering og samhandling i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden. Vestnorsk fjordlandskap består av dei to delområda Nærøyfjorden og Geirangerfjorden og fekk verdsarvstatus i 2005 på grunn av sitt vakre fjordlandskap og unike geologi. Som ein del av kriteria for at eit område skal få verdsarvstatus må natur- og kulturverdiane vere sikra for framtida gjennom nasjonalt vern og lovverk. Vidare må forvaltninga vere organisert slik at ein er i stand til å sikre ei berekraftig utvikling i område.

Fleire meiner det det oppstår ei særskilt koordineringsvikt i reiselivsnæringa i Noreg. Næringa består av mange autonome, men samtidig gjensidig avhengige aktørar som alle er med på å bestemme korleis reiselivet skal utvikle seg. Tillitsfulle nettverk blir av fleire peika på som ei mogleg løysing som kan bidra til meir samarbeid på tvers av sektorar og mellom forvaltning og næring. I dette studie har eg difor valt å ta utgangspunkt i Grøn fjord partnarskapet i Geiranger. Dette er ei samarbeidsrørsle som har som mål å sikre berekraftig utvikling i område gjennom å styrke samarbeidet og entreprenørskapet.

Eg har intervjuat ti informantar frå forvaltninga, destinasjonsselskap, lokalt hamnevesen og næringsliv. Gjennom intervjuet ville eg fange opp aktørane si oppfatning av berekraftutfordringar i område og då spesielt på fjorden. Vidare ville eg fange opp haldningane deira til Grøn fjord partnarskapet og korleis dei opplever at samarbeidet i partnarskapet fungerer. Funne viser at Grøn fjord i liten grad bidrar til meir koordinering. Studien illustrer at det er krevjande å samarbeide i nettverk og at tillit mellom deltakarane er heilt avgjerande for å lykkast. Grøn fjord fungerer betre som tilrettelegg for miljøvennlig adferd blant lokale bedrifter og organisasjoner.

For at Grøn fjord skal kunne vere ein meir samlande organisasjon i framtida blir det viktig med at leiinga i større grad er ein tilrettelegg for samarbeidsprosessar og i mindre grad styrer utfallet slik som dei gjer i dag. Det blir også viktig å involvere partnarane i større grad og slik sikre at alle har ei form for eigarskapskjensle til prosjektet.

## **Abstract**

This study examines coordination and interaction in the World Heritage Site of West Norwegian Fjords, the Geirangerfjord. The West Norwegian Fjord Sites consists of the two fjords Nærøyfjorden and Geirangerfjorden and gained world heritage status in 2005 due to its beautiful fjord landscape and unique geology. As part of the criteria for gaining a world heritage status, the natural and cultural heritage must be protected and ensured for future through national conservation and protection. In addition, the governance must ensure a sustainable development in the area.

Several studies have shown a particular coordination failure in the tourism industry in Norway. The industry consists of many autonomous, but at the same time mutually dependent actors, who all contribute to determining how the tourism industry develops. Trust networks are by several argued to be a possible solution that can contribute to more cross-sector cooperation and between management and industry. In this study, I have therefore chosen to focus on the Green Fjord Partnership in Geiranger. This is a partnership that aims to ensure sustainable development in the area through strengthening cooperation and entrepreneurship.

I have interviewed ten respondents employed in public governance, a destination company, local port authority and industry. Through interviews, I wish to capture actors' perceptions of how to tackle challenges in the area, especially in the fjord. Furthermore, I would like to examine their attitudes against the Green Fjord Partnership and how it is working. The study show that Green fjord only to a small extent contributes to more coordination, which illustrates that collaboration in networks is challenging. Trust between participants is decisive to succeed. Green fjords function better as an environmental actor for local businesses and organizations.

In order for Green fjord to be a more unifying organization in the future, it is important that the leadership is more of a facilitator for cooperation processes and to a lesser extent governs the outcome of those. It is also important to involve partners to a greater extent and to ensure that everyone has a form of ownership to the project.

# Innholdsliste

<b>FORORD</b>	<b>1</b>
<b>SAMANDRAG</b>	<b>2</b>
<b>ABSTRACT</b>	<b>3</b>
<b>1. INNLEIING</b>	<b>6</b>
<b>1.1 OPPBYGGING AV OPPGÅVA</b>	<b>7</b>
<b>2. TEORETISK PERSPEKTIV</b>	<b>9</b>
<b>2.1 KOORDINERING OG BEREKRAFT I REISELIVSNÆRINGA</b>	<b>9</b>
2.1.1 UTVIKLING AV BEREKRAFTIG TURISME OG ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN	11
<b>2.2 "WICKED PROBLEMS"</b>	<b>12</b>
<b>2.3 STYRINGSNETTVERK</b>	<b>13</b>
2.3.1 KVIFOR OPPSTÅR STYRINGSNETTVERK?	13
2.3.2 FORDELAR MED STYRINGSNETTVERK OG FØRESETNADAR FOR Å LYKKAST	14
2.3.3 FIRE NIVÅ AV KOORDINERING	16
<b>2.4 KOMMUNIKATIV PLANLEGGING</b>	<b>17</b>
<b>3. CASE – OMRÅDE OG PROBLEMSTILLING</b>	<b>18</b>
<b>3.1 VESTNORSK FJORDLANDSKAP, DELOMRÅDE GEIRANGERFJORDEN</b>	<b>18</b>
<b>3.2 PROBLEMSTILLING OG MÅL MED STUDIEN</b>	<b>20</b>
<b>4. METODE</b>	<b>21</b>
<b>4.1 VAL AV METODE – KVIFOR DJUPNEINTERVJU?</b>	<b>21</b>
<b>4.2 UTVAL OG REKRUTTERING AV INFORMANTAR</b>	<b>21</b>
4.2.1 PRESENTASJON AV INFORMANTAR	23
<b>4.3 GJENNOMFØRING AV INTERVJU</b>	<b>24</b>
<b>4.4 ANALYSE OG FRAMSTILLING AV RESULTAT</b>	<b>26</b>
<b>4.5 DRØFTING AV VAL AV METODE, GJENNOMFØRING OG DATAKVALITET</b>	<b>27</b>
<b>5. RESULTAT</b>	<b>28</b>
<b>5.1 BEREKRAFTUTFORDRINGER PÅ FJORDEN</b>	<b>28</b>
5.1.1 SOSIAL BEREKRAFT	30
<b>5.2 FRAGMENTERT FORVALTNING SOM UTFORDRING FOR BEREKRAFTIG UTVIKLING</b>	<b>31</b>
<b>5.3 KVIFOR OPPSTOD GRØN FJORD?</b>	<b>32</b>
<b>5.4 GRØN FJORD SOM KOORDINATOR</b>	<b>34</b>
5.4.1 FORANKRING I MODERORGANISASJONANE	35
5.4.2 INTERESSEMOTSETNADAR	37
5.4.3 ULIKE PERSPEKTIV PÅ REGULERING AV CRUISETURISMEN	41
<b>5.5 KORLEIS BIDRAR GRØN FJORD TIL MEIR BEREKRAFT I OMRÅDE?</b>	<b>43</b>
5.5.1 GRØN FJORD SOM TILRETTELEGGAR FOR MILJØVENNLIG ADFERD BLANT LOKALE BEDRIFTER OG ORGANISASJONAR	44
5.5.2 MEIR FLEKSIBEL OG LAUSMASKA ORGANISASJON	45
<b>5.6 KOMMUNEN SOM UTVIKLAR OG BEHOVET FOR NASJONAL STYRING</b>	<b>46</b>
5.6.1 KOMMUNEN SOM UTVIKLAR	46
5.6.2 BEHOVET FOR NASJONAL STYRING	49
<b>6. ANALYSE</b>	<b>51</b>

<b>6.1 KVIFOR OPPSTOD GRØN FJORD?</b>	<b>51</b>
6.1.1 BEREKRAFTUTFORDRINGAR	51
6.1.2 KOORDINERINGSSVIKT OG UKLAR ANSVARSFORDELING	52
<b>6.2 GRØN FJORD SOM KOORDINATOR</b>	<b>54</b>
6.2.1 FELLES MÅL OG PROBLEMFORSTÅING	54
6.2.2 TILLIT MELLOM GJENSIDIG AVHENGIGE AKTØRAR	55
6.2.3 LIKEVERDIG DELTAKING	56
6.2.4 LEGITIM LEIING	57
6.2.5 LEGITIMT KUNNSKAPSGUNNLAG	58
6.2.6 FORANKRING I MODERORGANISASJONANE	59
6.2.7 NIVÅ AV KOORDINERING	59
<b>6.3 GRØN FJORD SOM PÅDRIVAR FOR ENTREPRENØRSKAP</b>	<b>61</b>
<b>7. KONKLUSJON OG IMPLIKASJON</b>	<b>62</b>
<b>LITTERATUR</b>	<b>64</b>
<b>VEDLEGG 1</b>	<b>68</b>
<b>VEDLEGG 2</b>	<b>71</b>

## **1. Innleiing**

Geirangerfjordområde på Sunnmøre og Nærøyfjordområde i indre Sogn utgjer til saman Vestnorsk fjordlandskap som fekk verdsarvstatus av UNESCO i 2005 på grunn av sine unike landformer og geologi. I løpet av dei siste åra har vi sett fleire medieoppslag om cruisetrafikken i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden og korleis den truar grunnlaget for verdsarvstatusen til Vestnorsk fjordlandskap. Oppslaga viser bilete av blå røyk som ligg som eit teppe over fjorden, og hevdar at skipa forureinar. Kritikken handlar også om at det samla besøkstalet er for stort med tanke på trivsel og infrastruktur på land (NRK Møre og Romsdal 2014). I debatten er det ulike meininger om korleis ein skal regulere cruisetrafikken og i kva grad den utgjer ein trussel mot lokalsamfunn, natur og miljø.

Som Stokke et al. (2016) peikar på har begge fjordområda fleire lag med ulike forvaltingssystem, lovverk og aktørar. Store delar av områda har status som landskapsvernombjørg og naturreservat som skal forvaltast etter Naturmangfaldlova. Det resterande område skal i hovudsak forvaltast etter Plan- og bygningslova. Fylkeskommunen er regional planaktør og kommunen er lokal planaktør, begge med overordna ansvar for å sjå heilskap i lokal utvikling. Tidlegare forsking viser at koordinering på tvers av fleire forvaltingssystem er krevjande (Stokke et al. 2016). Det er også eit inntrykk at det er fleire interesseområder mellom verneomsyn på den eine sida, og næringsinteresser på den andre. Alt dette stiller store krav til koordinering og samhandling når Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, verneforvaltning, kommune og fleire regionale aktørar saman skal forvalte verdsarvverdiane på ein berekraftig måte.

Grøn fjord er ei samarbeidsrørsle som har som mål å skape ei meir berekraftig utvikling av menneskeleg aktivitet i verdsarvområde Geirangerfjorden med omland. Rørsla skal oppnå dette gjennom blant anna å dyrke samarbeid og entreprenørskap. I denne oppgåve vil eg undersøke om samarbeidsrørsla bidrar til meir samhandling og koordinering mellom sentrale forvaltningsaktørar og reiselivsnæringa, og på denne måten bidrar til berekraftig reiselivsutvikling i verdsarvområde.

I følgje Nærøyfjorden verdsarvpark (u.å) er reiseliv den største trusselen mot verdsarvområda over heile verda, men utgjer samtidig den største moglegheita til verdiskaping i dei same områda. Cruiseturismen utgjer ein stor del av turismen til Geiranger.

Cruisestrategien for Vestlandsregionen 2016-2020 slår fast at cruise byr på ei rekke utfordringar, men også moglegheiter. I følgje TØI vil talet på dagspassasjerar bli dobla frå om lag 1,8 millionar i 2015 til 3,6 millionar i 2041. Dersom prognosane til TØI stemmer vil ein i 2047 passere 4 millionar dagspassasjerar i regionen. Dette gir store utfordringar med tanke på mottakskapasitet, infrastruktur og berekraftig utvikling (Vestlandsrådet 2016).

Marit Svaland undersøkte haldningar til turismen i Geiranger i si masteroppgåve ”Lokalsamfunn og bæreevne i verdensarområdet Vestnorsk Fjordlandskap ”. Hennar hovudfunn viser at det generelt er positive haldningar til turismen i lokalsamfunnet i Geiranger, men at det er ueinigkeit kring forvaltning og omfanget av turismen. Dei som er kritiske peikar spesielt på problem med cruiseturisme (Svaland 2016).

Reiselivsnæringa skal vere ei av dei næringane som det framtidige Noreg skal leve av. Norsk natur er vårt største konkurransefortrinn som reiselivsdestinasjon, men for at dette skal vere mogleg må vi forvalte naturen på ein berekraftig måte (Nærings- og handelsdepartementet 2012). Dersom bruken av naturen går på bekostning av natur og miljø kan resultatet bli ei sjølvdestruktiv turismeutvikling som reduserer attraksjonsverdien til reiselivsdestinasjonar (Haukeland & Lindberg 2001).

Dette prosjektet skal etablere eit kunnskapsgrunnlag for å oppnå nettopp ein slik balanse mellom omsyn til næring og verdsarvverdiar. Prosjektet har fleire delmål. Mi oppgåve spring ut frå delmålet om å bringe fram ny kunnskap om forvaltninga sin struktur og funksjonsmåte som gjev aktørane grunnlag for å utvikle ei kunnskapsbasert, koordinert og heilskapleg samfunnsplanlegging for forvaltning av besøk.

## 1.1 Oppbygging av oppgåva

Først vil eg basert på tidlegare forsking gjere greie for kva som er sentrale utfordringar med å sikre ei berekraftig reiselivsutvikling innanfor dagens forvalningsstruktur. Vidare vil eg presentere kva som i følgje litteraturen er sentrale føresetnadnar for å lykkast med styring og koordinering gjennom nettverk og kommunikativ planlegging. Dette utgjer det teoretiske perspektivet for analysen av korleis Grøn fjord fungerer som koordinator i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, og i kva grad samarbeidsrørsla bidrar til meir samhandling og berekraftig utvikling i område.

I kapittel tre gir eg ei beskriving verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og delområdet Geirangerfjorden. Vidare gir eg i beskriving av organisasjonen Grøn fjord, kvifor den vart oppretta og kva som er det sentrale målet til partnarskapet. Deretter presenterer eg hovudproblemstillinga mi og underproblemstillingane. I kapittel fire gjer eg greie for kva metode som er brukt for å samle inn data. Det blir gitt ei grunngjeving for val av metode og ein gjennomgang av prosessen med å planlegge studie, samle inn og framstille data. Til slutt drøftar eg kvaliteten på datamaterialet. Resultata blir framstilt i kapittel fem. I kapittel seks analyserer eg resultata mine og svarer på problemstillingane min i ljós av tidlegare forsking og teori presentert i kapittel to. Heilt avslutningsvis oppsummerer eg hovudfunna mine og prøver å gi ein peikepinn på kva implikasjonar desse funna kan ha for framtida.

## **2. Teoretisk perspektiv**

I dette kapittelet presenterer eg det teoretiske perspektivet som eg seinare vil bruke som utgangspunkt for å drøfte resultata mine og svare på problemstillingane. Først gjer eg greie for kva tidlegare forsking har vist om utfordringar med å skape berekraftig reiseliv. Fleire studie viser at det oppstår ei særskilt koordineringssvikt i reiselivsnæringa og att tillitsfulle nettverk kan vere løysinga på dette (Kobro et al. 2013). Eg vil difor gjere greie for kva tidlegare forsking peikar på som viktige føresetnadar for å lykkast med nettverksstyring.

Kommunal planlegging er avgjерande for kva retning utviklinga av eit område skal ta. I samfunnsdelen i kommuneplanen har det i moderne tid vorte meir vektlegging av dialog og samarbeid gjennom nettverk. Dette er blir i planteorien omtalt som kommunikativ planlegging. Med det lagt til grunn vil det til slutt i dette kapittelet bli presentert sentrale moment i kommunikativ planlegging som kan bidra til å forklare framveksten av Grøn fjord og kva rolle nettverket kan spele i den framtidige utviklinga av området.

### **2.1 Koordinering og berekraft i reiselivsnæringa**

Natur med vakre landskap er ein kjerneattraksjon i norsk reiseliv. Både norske og utanlandske turistar ynskjer naturopplevingar og det naturbaserte reiselivet har tradisjonar langt tilbake i tid i Noreg. Turistar vil oppleve det reine og urørte, men også område og attraksjonar der spor etter menneskeleg aktivitet og kulturformer er vevd saman med natur og miljø. Landskapa og naturressursane er på mange måtar råstoffet og eksistensgrunnlaget for store delar av turismen, samtidig som turismen er ein av truslane mot berekraftig bruk av areal og natur (Viken & Haukeland 2014).

Mogleg skade og slitasje kan vere jorderosjon og slitasje på vegetasjon, forstyrring av dyreliv, vassureining, forsøpling, vandalisme og støyplager. I lokalsamfunnet kan reiselivet skape trafikkaos, trengsel og konfliktar mellom ulike brukarinteresser (Viken & Haukeland 2014). Ei utfordring med å kartlegge kva effekt reiselivet har på miljø er at påverknaden består av mange små endringar som samla sett kan ha store miljøeffekt (Aall 1997).

Spesielt er det knytt utfordringar til volumturismen. Alpane og Middelhavkysten er område med lange tradisjonar for masseturisme og her vart problema etter kvart så store at politikarar

såg at ein måtte ta grep og tenkte alternativt. Berekraftprinsippet vart ein viktig del av den alternative tankegangen (Viken & Haukeland 2014).

Destinasjon Norge er tittelen på regjeringa sin reiselivsstrategi for Noreg (Nærings- og handelsdepartementet 2012). Strategien peikar på at næringa er utsatt for ei særskilt koordineringssvikt samanlikna med andre næringar. For å skape heilskaplege reiselivsopplevelingar er ein avhengig av at mange aktørar med til dels ulike interesser og eigarar samarbeider. Vidare er det svært mange aktørar både frå offentleg og privat sektor som er involvert i utviklinga til næringa. Destinasjon Norge understrekar at framtidig berekraftig utvikling av næringa må skje gjennom samarbeid. Vidare held strategien fram at ein er avhengig av at involverte aktørar trekk i same retning, og at ein viktig del av å løyse koordineringssvikten er å tydeleggjere ansvars-, rolle og oppgåvefordeling både i og mellom myndighetene og næringsaktørar. Reiselivsstrategien trekk også fram nettverk som eit viktig verkty for å løyse koordineringssvikten.

Viken (2004) peikar på utfordringa med at reiseliv som ei næring i vekst ikkje er gjenstand for overordna sektorregulering, og at det ikkje finst lovar og system som eksplisitt regulerer reiselivet. Utfordringa blir forsterka av allemannsretten sin sterke posisjon i Noreg. Stort sett kan dei som vil ta med seg grupper ut i naturen og ta betalt for det. Denne frie tilgangen har som Viken (2004) påpeikar ikkje vore eit stort miljøproblem, men på nokre spesielt ettertrakta område kan det skape problem med uhandterlige konsentrasjonar av menneske og slitasje på natur og kulturarv.

Viken (2004) trekk parallellear mellom konsekvensane av allemannsretten til naturen og ”allmenningens tragedie”. Dersom ein aktør erkjenner at det er for mange turistar på ein stad og reduserer si verksemrd, vil det mest sannsynleg ikkje redusere den totale belastninga på staden. Så lenge der ikkje er reguleringar som legg restriksjonar på kor mange som kan etablere seg i området, eller mengda besökande, vil mest sannsynleg andre aktørar overta vedkomande sin del av marknaden (Viken 2004). Butler (1980) viser på same måten korleis turismen på ein stad har ein tendens til å auke inntil berekraftevna til staden sin natur og kultur seier stopp og attraksjonen blir mindre attraktiv på grunn av slitasje eller ”crowding”.

Viken (2004) skisserer fleire miljøparadoks i reiselivet. Eitt av dei oppstår mellom ynskje om vern på den eine side og næringsutvikling på den andre. Viken (2004) beskriv det som at

nasjonalstaten, forvaltninga, forsking og urbanitet står på den eine sida og representerer vernetankar, medan lokalsamfunnet, tradisjonsbaserte næringar og eit sterkt ynskje om å nyttiggjere seg av naturen for å skape lokal næring står på den andre sida. Det at nasjonale vernemyndigheter baserer argumenta sine på forskingsbasert kunnskap gir dei ofte ein større tyngde i diskusjonar.

### ***2.1.1 Utvikling av berekraftig turisme og attraktive lokalsamfunn***

Haukeland og Lindberg (2001) meiner det er på kommunalt nivå at den konkrete planlegginga av det naturbaserte reiselivet og samordninga av ulike interesser må skje. Kobro et al. (2013) finn i sine undersøkingar at det manglar ei heilskapleg leiing og koordinering av reiseliv og stadsutvikling i mange norske kommunar. Som Nærings- og handelsdepartementet (2012) trekk også Kobro et al. (2013) fram etablering av tillitsfulle nettverk som ei løysing på koordineringsproblemet.

Jamfør Kobro et al. (2013) er hovudoppgåva til ei kommune å skape attraktive lokalsamfunn der folk vil bu og som folk vil besøke. Dette inneberer at kommunen må syte for det er arbeidsplassar til innbyggjarane og samtidig ta vare på natur og landskap som turistar kjem for å oppleve. I kommunar med spesielle naturattraksjonar som til dømes vakkert landskap og kulturlandskap kan naturen danne grunnlag for næring og arbeidsplassar gjennom reiseliv. Då blir som Viken og Haukeland (2014) peikar på naturressursane sjølve råstoffet i næringa. Dette set difor store krav til kommunen om å sikre ein berekraftig bruk av naturen for å sikre at næringa og naturen kan bestå også i framtida.

For kommunen å balansere desse omsyna er av fleire årsaker ikkje lett. Aall (1997) peikar på at førebyggjande eller avbøtande miljøtiltak som kommunen kan iverksetje ofte stiller lokale myndigheter overfor vanskelege val og prioriteringar der det oppstår konflikt mellom næringssinteresser og miljøomsyn. Mange små reiselivsbedrifter har svak økonomi og omstilling til meir miljøvennleg drift kan bety kroken på døra. Dette stiller kommunen overfor vanskelege val når det gjeld omsyn til arbeidsplassar og miljø, som begge er viktig del av det som er med på gjere eit lokalsamfunn attraktivt.

## 2.2 "Wicked problems"

Dagens offentlege styring og forvaltning ber preg av å vere fragmentert og inndelt i sektorar. Det er vanlegvis historiske og praktiske grunnar for denne inndelinga. I dagens komplekse samfunn har offentlege myndigheiter ansvar for eit stort omfang av oppgåver, og ei form for ansvarsfordeling må nødvendigvis eksistere (Saglie 2006).

Rittel og Webber (1973) introduserer omgrepa "wicked problems" og "tame problems". I industriell alder fann ein langt på veg løysingar på såkalla "tamme" problem, som å lage infrastruktur for vann, avløp og elektrisitet, gjennom ingeniørkunst og vitskap. Oppfatninga var at samfunnsoppgåvene vart best løyst av ekspertar og det vart hensiktsmessig å organisere seg i spesialiserte sektorar som helse, landbruk, miljø og samferdsel. Felles for dei såkalla "tamme" samfunnsproblema er at dei er relativt lett å identifisere og lett å handtere (Rittel & Webber 1973).

Dei store sosiale utfordringane i dagens samfunn har karakter av å vere "wicked problems" og skil seg frå dei "tamme". Hofstad (2012) oversett "wicked problems" til komplekse problem på norsk. Det er problem som er vanskelege å definere, vanskeleg å lokalisere, vanskeleg å implementere, dei er kontinuerlige, og har ingen objektiv riktig løysing. Vårt sektorbaserte styringssystem er godt tilpassa tamme problem som best blir løyst av ekspertar og fagfolk. Felles for komplekse problem er at dei går på tvers av sektorar, stat, marknad og sivilsamfunn. Dette set store krav til koordinering på tvers av forvaltningsnivå og sektor. Det er også nødvendig å involvere flest mogleg relevante aktørar i prosessen med å finne løysingar, då ingen har tilstrekkelig kunnskap eller ressursar åleine til å løyse problema (Rittel & Webber 1973). Dette omfattar mange aktørar med ofte ulik agenda, preferansar, normer og rutine og det kan vere krevjande å oppnå koordinering mellom dei (Saglie 2006; Singleton 2000). Utfordringar knytt til miljø og berekraft er typiske "wicked problems". Dei er komplekse og det er vanskeleg å lokalisere klare årsak-verknad samanhengar. Det er også vanskeleg å avgjere kva som vil vere riktig løysing og kva effekt ulike tiltak vil få.

Saglie (2006) peikar på at den sektorinndelte offentlege styringa kan føre til eit kollektivt handlingsproblem når det kjem til miljø- og ressursproblem. Handlingsproblemet oppstår fordi ingen sektor har tilstrekkelig kunnskap, myndighet og oversikt til å løyse desse problema åleine. Eventuelt kan det tenkjast at ein sektor har ansvaret for problema, men ikkje

tilstrekkelig kunnskap og midlar til å løyse dei. Løysingane krev samarbeid mellom sektorane og meir heilskapleg planlegging.

## 2.3 Styringsnettverk

Styringsnettverk blir ofte assosiert med ”governance” eller samstyring på norsk (Røiseland & Vabo 2008). Både styringsnettverk og samstyring handlar om nyare former for styring, der nettverk erstattar tradisjonelt hierarki og kommando i offentleg styring. Sørensen og Torfing (2005) definerer eit styringsnettverk som ein 1) relativ stabil horisontal samanknyting av gjensidig avhengige, men operasjonelt sett autonome aktørar, 2) som prøver å påverke kvarandre gjennom forhandling, som 3) finn stad innan eit institusjonalisert fellesskap, som 4) er sjølvregulerande innan for rammer som ofte blir definert av politiske myndigheter, og som 5) i eit breitt perspektiv bidrar til offentleg styring. Styringsnettverk er som Sørensen og Torfing (2005) understrekar berre ein av mange former for nettverk og ikkje alle har noko med styring å gjere.

Eit styringsnettverk består av berørte og relevante aktørar som er gjensidig avhengig av kvarandre sin kunnskap, autoritet og ressursar for å løyse ei spesifikk styringsoppgåve. Det som knyt dei saman er ikkje formelle instruksar eller kommandosystem, men tillit og gjensidig forplikting. Deltakarane deltar frivillig, og dersom din ikkje er tilfreds med korleis nettverket fungerer eller ikkje føler dei får vere med å påverke står dei fritt til å trekke seg ut (Sørensen & Torfing 2005).

### 2.3.1 *Kvifor oppstår styringsnettverk?*

I litteraturen finst det ulike forklaringar på kvifor styringsnettverk oppstår. Ei forklaring er at samfunnet vi skal styre blir stadig meir komplekst, dynamisk og mangfoldig. Dette krev koordineringsformer som er like komplekse, dynamiske og mangfoldige som oppgåvene som skal løysast (Kooiman 1993). I den industrielle alderen vaks byråkratiet fram som eit svar på ny produksjonen og dei oppgåvene som ein trengte å løyse. Det som kjenneteiknar byråkratiet er stabilitet, effektivitet og rasjonalitet. Personleg påverknad er avgrensa av bestemte rammer og reglar. Byråkratiet kan bli eit hinder der det krevst fleksibilitet og stor omstillingsevne. Dette er krav som kjenneteiknar den postmoderne tidsalderen som vi lever i (Hatch 2010). Problema i dagens samfunn er ofte komplekse og uhandgripelige eller

”wicked” som Rittel og Webber (1973) beskrev dei. Dette stiller krav til ein annan måte å organisere seg på enn byråkratiet, og nettverket er på mange måtar eit svar (Hatch 2010). Men også denne måten å organisere seg på har sine utfordringar, fordelar og ulempar.

### **2.3.2 Fordelar med styringsnettverk og føresetnadar for å lykkast**

Sørensen og Torfing (2005) trekk fram fleire fordelar med samstyring og nettverksstyring. To sentrale fordelar er dei er gode på å identifisere problem på eit tidleg tidspunkt og finne løysingar som er godt tilpassa konkrete forhold. Styringsnettverk kan vidare vere ei ramme for å utvikle konsensus og løyse konfliktar. Ved at fleire aktørar er med på å forhandle fram offentleg politikk kan dette auke den lokale forankringa og oppslutninga til dei endelige vedtaka. Det at nettverk samlar aktørar frå offentleg, privat og frivillig sektor kan auke ressursane som er tilgjengelig for styringsprosessar ved å tilføre meir kompetanse og informasjon (Rhodes 2000).

I følgje Sørensen og Torfing (2005) er det eit enormt potensiale i denne organisasjonsforma, men dei sosiale og politiske prosessane som styringsnettverk er basert på er svært lite robuste. Utskifting i personale, uløyselege konfliktar, därleg leiarskap og frustrasjon over manglende resultat er faktorar som kan gjere nettverk ustabile. I følgje Strand (2007) er nettverk prega midlertidige koplingar der aktørane er svakare knytt til kvarandre enn i tradisjonelle organisasjonar. Dette gjer nettverk til meir oppløyselege organisasjonar og ein kan miste noko av føreseielegheta som gjer det mogleg å jobbe langsiktig, byggje felles kunnskapsgrunnlag og identitet. I mangel på faste rammer og kommandoar blir også relasjonar og kontaktflater viktigare og enkelpersonar sitt engasjement blir avgjerande for nettverket sine kvalitetar (Strand 2007).

I følgje (McCool 2009) er ein viss grad av representativitet, ei viss grad av eigarskapskjensle blant partnarane og eit fokus på relasjonar og læring viktige føresetnadar for å lykkast med nettverksstyring. Desse eigenskapane eller karakteristikkane er imidlertid ikkje lette å oppnå då dei i stor grad er tufta på tillit, lik tilgang til kunnskap og politisk og økonomisk makt blant partnarane.

Akkurat som kommandoar er eit viktig koordineringsverkty i hierarkiske organisasjonar er tillit eit sentralt verkty i nettverk (Rhodes 2000). Som nemnt tidlegare kan aktørane når som

helst trekke seg ut av nettverket dersom dei opplever at det ikkje gagnar deira agenda. Når det ikkje eksisterer eit kommandosystem for deltakinga blir tillit ekstra viktig. Utan tillit forsvinn ein viktig del av grunnlaget for samarbeidet. Også Kobro et al. (2013) som har undersøkt korleis nettverk kan bidra til ei berekraftig reiselivsutvikling og lokalsamfunnsutvikling understrekar verdien av tillit i nettverket som det viktigaste kriteriet for å lykkast.

Gjensidig avhengigheit mellom deltakarane er både eit kjenneteikn ved nettverk og ein viktig føresetnad for å lykkast med å styre og koordinere gjennom nettverk. Deltakarane er avhengig av kvarandre sin kunnskap og myndigkeit for å nå sine eigne mål og dette resulterer i ein gjensidige avhengighet. Alle involverte er til ei kvar tid er avhengige av dei andre si vilje til å delta for at samarbeidet skal bestå (Røiseland & Vabo 2008).

Det er også viktig at alle relevante aktørar på feltet må delta på ein likeverdig måte, og at det eksisterer eit felles kunnskapsgrunnlag og at ei tydeleg og legitim leiing (Stokke et al. 2016). Røiseland og Vabo (2008) stiller spørsmål ved om det å delta på ein likeverdig måte er mogleg når ein skal forhandle og oppnå konsensus. Høgst sannsynleg vil det då bli tydeleg at ressursar og makt ikkje nødvendigvis er likt fordelt mellom aktørane og at offentlege aktørar ofte får ein dominerande posisjon på grunn av sin kapasitet og tilgang på ressursar. Samtidig kan fagleg ekspertise, kontroll over informasjon og ideologisk overtyding vere kjelde til makt i forhandlingsprosessar.

Ein faktor for å lykkast som fleire peikar på er at representantane i nettverket må vere gitt eit forhandlingsrom frå sine moderorganisasjonar som må vere definert på førehand. Dette er ein føresetnad for å at aktørane skal kunne kome kvarandre i møte, oppnå felles forståing og konsensus. På denne måten blir forhandlingane gitt retning og ikkje instruksar. I andre omgang er det viktig at moderorganisasjonane aksepterer og implementerer vedtak som er fatta i nettverket (Hanssen et al. 2014)

Fleire argumenterer for at det må eksistere ei form for styring av styringsnettverk for at dei skal lykkast, også omtalt som styring av sjølvstyre eller ”metagovernance” (Fimreite 2005; Jessop 1998; Sørensen & Torfing 2009). Dette kan skje ved at offentlege myndigheter etablerer nokre grunnreglar eller rammer for styring gjennom nettverk. Det er viktig at styringa av nettverk ikkje blir for sterkt, då dette kan ta bort noko av fleksibiliteten som er nettverka sin styrke. Ein måte å styre nettverka på er gjennom incentivbaserte

styringsverkemiddel. Dette skal legge til rette for koordineringsprosessar meir enn at ein styrer utfallet av prosessen (Røiseland & Vabo 2008). Kobro et al. (2013) beskriv leiing av nettverk som ein form for tilrettelegging som må justere seg etter dei utfordringane som nettverket står overfor.

Som Jessop (1998) hevdar kan det vere vanskeleg å vurdere i kva grad eit styringsnettverk lykkast fordi det ikkje har veldig konkrete mål eller formål det skal fylle slik som styringsformene marknad og hierarki. Marknaden skal syte for effektiv allokering av ressursar og gode, i ein perfekt og effektiv marknad. Offentleg hierarkisk styring skal sikre fellesskapets beste i tråd med politisk prioriteringar. Utfallet at samstyring eller nettverk kan vere vanskeleg å kvantifisere då det er snakk om resultat som felles problemforståing, felles verdigrunnlag, felles mål og visjonar for framtida, betre koordinering, samarbeidsprosessar og så vidare (Sørensen & Torfing 2009). Dette er effektar som kan vere vanskeleg å kvantifisere og som veks fram over tid.

### **2.3.3 Fire nivå av koordinering**

Som nemnt innleiingsvis i dette kapittelet peikar (Kobro et al. 2013) på at det oppstår ei særskilt koordineringssvikt i reiselivsnæringa, og at tillitsfulle nettverk kan bidra til meir koordinering. Koordinering kan ha ulike former og ambisjonar. For å vurdere om ein oppnår meir koordinering gjennom nettverk er det difor viktig å definere kva ein legg i omgrepet. Eg har valt å ta utgangspunkt i Stokke (2006) som skil mellom fire former for koordinering, med ulikt ambisjonsnivå. Seinare i oppgåva vil eg bruke denne klassifiseringa for å drøfte om Grøn fjord oppnår ei enkel eller aktiv form for koordinering.

Dei fire nivåa som følgjer er henta direkte frå (Stokke et al. 2016):

- 1) Koordinering gjennom utveksling av informasjon og kunnskap
- 2) Koordinering gjennom prosess, der alle aktørar er gitt moglegheit til å uttrykke deira mening
- 3) Koordinering av innhald, der ulike interesser og verdiar blir balansert på bakgrunn av etablering av eit felles overordna mål
- 4) Koordinering gjennom kollektiv handling, der alle aktørar bidrar i fellesskap til å realisere det overordna målet

Nivå fire er den mest aktive forma for koordinering eit nettverk kan ha, medan det første og lågaste nivået er ei svært enkel for koordinering.

## 2.4 Kommunikativ planlegging

I dagens plansystem står instrumentell planlegging og autoritetshierarkiet framleis sterkt, men i den meir overordna samfunnsplanlegginga har samarbeid og dialog vorte viktigare for å legitimere planen (Amdam 2012).

I planteorien bli dette referert til som kommunikativ planlegging og baserer seg hovudsakleg på prosessuell legitimitet. Dette skil seg frå den instrumentelle planlegginga der kommunen som planmyndighet hovudsakleg baserer seg på ei makt som er gjort legitim gjennom lover og reglar, autoritetshierarki og gjeldande normer og verdiar. Prosessuell legitimitet betyr at kommunen og planen må få legitimitet gjennom aksept, forankring, oppslutning og deltaking. Difor blir deltaking i sjølve planleggingsprosessen så viktig (Amdam 2012).

Med tida har koplinga mellom arealplanlegging og miljøvern vorte sterkare og det har vore eit rikspolitisk mål at arealplanlegginga i større grad skal bli eit miljøpolitiske verkty (Falleth et al. 2003). Dette går tydeleg fram i den siste utgåva av plan- og bygningslova. I formålsparagrafen går det fram at ”Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar” (Plan- og bygningsloven 2008) Dette betyr i praksis at føremålet med all planlegging er å sikre ei bærekraftig utvikling.

### **3. Case – område og problemstilling**

Grøn fjord er ei samarbeidsrårsle som har som mål å skape berekraftig utvikling av menneskeleg aktivitet i verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland. Det var Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv som var initiativtakar og som sat med grunnideen bak partnarskapet. Utgangspunktet var at dei opplevde situasjonen i Geiranger som uakseptabel, med forureining og den totalbelastninga som turismen påførte området. Grøn fjord har hovudfokus på å skape berekraft gjennom å styrke samarbeidet mellom lokale aktørar og den lokale entreprenørskapen.

Grøn fjord baserer seg på ein partnarskapsmodell og består av over 80 partnarar med blant anna dei to kommunane Stranda og Norddal, fylkeskommune, destinasjonsselskap, bedrifter, skule og interesseorganisasjonar. Partnarskapet er organisert slik at dei har ei styringsgruppe der representantar frå kommunane, fylkeskommune og destinasjonsselskap har faste plassar. Dei andre partnarane vel ein person som skal representera dei i styringsgruppa med ei rullering annakvart år. Verdsarvstiftinga har ei rolle som prosjektleiar og sekretariat.

#### **3.1 Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden**

Innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista vart grunngjeve med at dette er klassiske fjarmlandskap og rekna for vere ein typelokalitet for fjordlandskap i verda. Storleiken og kvaliteten på fjordane er på nivå med andre fjordar på verdsarvlista og utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve (Norges verdsarv u.å-a). FN gir status som verdsarv til natur- og kulturarv som dei vurderer har så stor verdi for menneske og samfunn at dei må bestå for framtidige generasjonar. Dette er område og kulturskattar som har hatt stor verdi i generasjonar før oss og som er viktige referansepunkt for historia og kulturen vår.

Geirangerfjordområdet er lokalisert langs Vestlandskysten i Møre og Romsdal fylke. Området består av tre område som er verna etter Naturmangfaldlova, og busette område som blir forvalta av kommunane etter Plan- og bygningslova og anna lovverk. Det totale arealet for verdsarvområdet er ca. 597 kvadratkilometer, 413 km<sup>2</sup> i Stranda kommune og 182 km<sup>2</sup> i Norddal kommune. Av dette er 499 km<sup>2</sup> verna etter Naturmangfaldlova (Møre og Romsdal fylke 2008).

To av dei verna områda har status som naturreservat og det tredje som landskapsvernombområde. Figur 1 viser den delen av området som har status som landskapsvernombområde. Formålet er å verne om særprega fjord- og fjellandskap med rikt plante- og dyreliv, kulturlandskap med fjordgardar, setermiljø og kulturminne. I naturreservata finn ein ei av dei best utvikla edellauvskogliene i fjordstrøka på Sunnmøre med plante- og dyreliv og utsette mineralførekomstar.



**Figur 1:** Viser Geiranger – Herdalen landskapsvernombområde (Kjelde: naturbase.no).

At desse natur- og kulturverdiane er sikra for framtida gjennom nasjonalt vern er eit krav som verdsarvkommisjonen set for at område skal få verdsarvstatus. Dersom UNESCO har vurdert det eksisterande vernet som tilstrekkelig og godkjent område, følgjer det ikkje ytterligare vern eller restriksjonar frå UNESCO med verdsartittelen. Det blir også stilt krav til at organiseringa av forvaltninga sikrar at verdiane blir tatt vare på i framtida (Møre og Romsdal fylke 2008). Ei av problemstillingane i prosjektet Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling stiller spørsmål ved nettopp dette om organiseringa av forvaltninga er slik at ein klarer å sikre verdsarvverdiane for framtida.

### 3.2 Problemstilling og mål med studien

Målet med denne studien er å frambringe ny kunnskap om forvaltninga sin struktur og funksjonsmåte som skal gi aktørane grunnlag for å utvikle ei kunnskapsbasert, koordinert og heilskapleg samfunnsplanlegging for forvaltninga av besøk. Utgangspunktet for studien er korleis koordineringa fungerer gjennom Grøn fjord-partnarskapet. På bakgrunn av kunnskap om situasjonen i Geiranger og teorien presentert i denne oppgåva har eg valt å ta utgangspunkt i følgjande problemstillingar:

#### Hovudproblemstilling

Kva moglegheiter og begrensingar har nettverket Grøn fjord for å:

- 1) oppnå ei berekraftig og heilskapleg besøksforvaltning av Geirangerfjorden, og
- 2) bidra til meir samhandling og koordinering mellom aktørane knytt til verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden?

#### I tillegg har eg følgjande underproblemstillingar

- a) Kva meiner aktørar frå verneforvaltninga, politikarar og sentrale representantar frå reiselivsnæringa er dei største utfordringane for berekraft og turisme på fjorden?
- b) Kvifor oppstod Grøn fjord-partnarskapet?
- c) Korleis fungerer styringsnettverket Grøn fjord som koordineringsverktøy for å oppnå ei meir berekraftig besøksforvaltning?

## **4. Metode**

Val av metode er ein viktig del av studien. Problemstillinga skal vere styrande for kva type informasjon ein treng og kva metode ein skal velje (Johannessen et al. 2004). I denne studien har eg valt semistrukturert djupneintervju. Vidare vil eg gjere greie for kvifor eg har valt denne metoden, gjennomføringa av intervjugosessen og drøfte datakvaliteten.

### **4.1 Val av metode – kvifor djupneintervju?**

Gjennom å utføre semistrukturerte djupneintervju kan ein kartlegge erfaringar og haldningar knytt til det aktuelle temaet for forskinga (Tjora 2010). I denne undersøkinga er det nettopp informantane sine haldningar og erfaringar med Grøn fjord og miljøsituasjonen i Geirangerfjordområde som er viktig å få fram, og djupneintervju eignar seg difor godt som metode.

I eit djupneintervju skal ein stille opne spørsmål som gir informantane moglegheit til gå i djupna der dei har mykje å fortelje. Ein skal vidare tillate digresjonar frå informant og nettopp dette kan føre til at det kjem opp tema og moment som forskaren ikkje har tenkt ut på førehand, men som kan vise seg å vere relevant for undersøkinga (Tjora 2010).

Eit viktig kjenneteikn ved denne metoden er fleksibilitet. Det er viktig å kunne gjere justeringar undervegs på bakgrunn av det som kjem fram i intervjuet. På bakgrunn av ny innsikt kan ein vurdere om det er fruktbart å stille oppfølgingsspørsmål og inkludere nye tema i intervjuguiden. Dette set store krav til forskaren. Analyse og innsamling av data skal på mange måtar skje parallelt (Grønmo 2016).

### **4.2 Utval og rekruttering av informantar**

Grøn fjord er studieobjektet og det var difor naturleg at sentrale aktørar i styringsgruppa skulle vere informantar. I tillegg valde eg å intervju sentrale aktørar med ansvar for forvaltning av verdsarvområde som ikkje er medlem i Grøn fjord, nærmare bestemt Sjøfartsdirektoratet og fylkesmannen. Eg vurderte dette som viktig fordi aktørane har eit viktig forvaltningsansvar i området og fordi dei samarbeider med Grøn fjord på fleire område. Eg valde også intervju Stranda hamnevesen som var med i planlegginga av

partnarskapet, men som valde å ikkje vere partner fordi dei følte dei ikkje kunne stå inne for innhaldet partnarskapserklæringa.

Eg har berre intervjuat ein næringsaktør i partnarskapet. Resten av informantane er administrativ tilsette i offentleg forvaltning, politiske representantar, lokalt hamnevesen og destinasjonsselskap. Det er desse som var mest relevante for meg då ein viktig del av oppgåva mi er å sjå på korleis dei som har eit forvaltningsansvar for verdsarven samarbeider. For å få eit best mogleg inntrykk av korleis Grøn fjord fungerer vurderte eg det likevel som relevant å snakke med ein næringsaktør for å få eit inntrykk av korleis det er å vere ein liten partner i Grøn fjord som står utanfor styringsgruppa. Sidan eg berre har snakka med éin slik informant vil det sjølvsagt ikkje vere representativt. Det eg imidlertid såg i intervjuet var at det næringsaktøren fortalte om korleis dei opplever å vere med i partnarskapet, samsvarer med korleis dei større aktørane trur det er for dei mindre partnarane vere med.

Eg ønska å intervju flest mogleg som deltar på styremøta, samtidig som det var viktig å snakke med representantar som kjenner den generelle forvaltingssituasjonen i Geiranger godt.

Då eg kontakta fylkeskommunen som er ein svært sentral partner i Grøn fjord, kontakta eg først fylkeskommunen sin representant i styringsgruppa for Grøn fjord. Han var nokså ny i si rolle og viste meg vidare til ein person med lengre fartstid i fylkeskommunen, og som hadde god kjennskap til området og korleis det har utvikla seg. Eg valte sistnemnte som informant. Ideelt sett kunne eg ha intervjuat begge, men på grunn av den avgrensa tidsramma for prosjektet vurderte eg det slik at sistnemnte ville gi meg mest relevant informasjon. Eg valde å intervju to informantar frå både kommune og fylkeskommune, ein frå politisk nivå og ein frå administrasjonen. Dette vurderte eg som nyttig fordi dei representerer to ulike perspektiv som begge er viktig å få fram.

Grunnen til at eg har intervjuat to frå fylkesmannen er at informantane eg først tok kontakt med ynska å ha med seg ein kollega for å betre kunne svare på spørsmåla mine.

Eg har berre intervjuat informantar frå Stranda kommune, då størstedelen av verdsarvområdet ligg i denne kommunen. Det er dermed ikkje intervjuat nokon frå Norddal kommune.

Min hovudrettleiar jobbar med prosjektet Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling og har gjort liknande undersøkingar i Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Han kjenner difor område og forvaltninga av Vestnorsk fjordlandskap godt og gav meg ein peikepinn på kven som ville vere relevante å intervju.

Eg enda opp med ti informantar totalt. I byrjinga av intervjugprosessen kom det fram mange nye opplysingar som forma mi oppfatning. Etterkvart avtok mengda ny informasjon og oppfatninga av området og situasjonen tok form. Dei siste intervjuia eg gjennomførte bekrefta inntrykket frå dei andre intervjuia. At det kom få nye opplysningar fram i løpet av dei siste intervjuia tolkar eg som eit teikn på at utvalet av informantar var tilstrekkelig for å få fram dei viktigaste trendane og at analysen og konklusjonen i oppgåva ikkje hadde sett vesentlig annleis ut om utvalet av informantar var større.

#### ***4.2.1 Presentasjon av informantar***

Tabell 1 viser ein oversikt over informantane og deira relasjon til Grøn fjord. Eg har valt å ikkje oppgi kjønn, alder eller kva posisjon informantane mine har i sin organisasjon på grunn av omsyn til informantane sin anonymitet. På grunn av at dette er kjende organisasjoner i eit lite lokalsamfunn har det vore utfordrande å bevare anonymiteten til informantane. For å belyse problemstillinga har det vore viktig å framstille resultata slik at ein kan spore sitat og standpunkt tilbake til organisasjonen som informanten tilfører. Dette samtykka også alle informantane til i byrjinga av intervjuet. For å forsikre meg om at informantane kan stå inne for dei sitata som står i oppgåva valde eg å sende ut eit utkast av resultatkapittelet i god tid før innlevering for sitatsjekk. Det er viktig å understreke at det informantane har fortalt ikkje er representativt for kva organisasjonen offisielt meiner, men at det er deira personlege oppfatning ut i frå den rolla dei har inn mot forvaltninga av verdsarven og Grøn fjord.

**Tabell 1: Presentasjon av informantane**

Aktør	Relasjon til Grøn fjord	Informantar
Stranda kommune	Partnar og sit i styringsgruppa	To informantar: Ein frå administrasjonen, og ein politisk representant.
Møre og Romsdal fylkeskommune	Partnar og sit i styringsgruppa	To informantar: Ein frå administrasjonen og ein frå Samferdselutvalet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Ikkje partnar, men sentral forvaltningsaktør i området	To informantar
Stranda hamnevesen	Ikkje partnar (men har tidlegare vore partnar)	Ein informant
Geiranger og Nordfjord Cruisehandling	Partnar og sit i styringsgruppa	Ein informant
Sjøfartsdirektoratet	Ikkje partnar	Ein informant
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (Verdsarvstiftinga)	Partnar, prosjektleiar og sekretariat	Ein informant
Destinasjon Geiranger	Partnar og sit i styringsgruppa	Ein informant

#### 4.3 Gjennomføring av intervju

Før gjennomføring av intervju skal ein utforme ein intervjuguide som skal fungere som eit utgangspunkt og rettesnor for intervjeta. I prosessen med å utforme ein intervjuguide må ein vurdere informasjonsbehovet med utgangspunkt i problemstillinga. Det neste ein må gjere er

å spesifisere tema for intervjeta. Dette skal utgjere hovudinnhaldet i intervjuguiden (Grønmo 2016). Intervjuguiden vart tilpassa og justert noko til dei ulike informantane.

Det er også viktig å tenkje gjennom kva type kommunikasjonsform som vil egne seg i intervjeta. Ein av dei viktigaste føresetnadane for at intervjetet skal vere vellukka er at kommunikasjonen er god mellom forskar og informant, og at informanten ikkje kjenner seg ukomfortabel i situasjonen (Grønmo 2016). Kor ein skal møtast må også tenkjast gjennom. Det bør vere på ein plass der ein ikkje blir forstyrra og informanten kan kjenne seg trygg, gjerne på eigen arbeidsplass (Tjora 2010). Eg møtte alle på deira arbeidsplass, på kontoret deira eller eit møterom, med unntak av ein informant som av praktiske omsyn ville møtast på NTNU i Ålesund. Dette opplevde eg som gode kommunikasjonssituasjonar. Informantane var på heimebane i kjente omgjevnadar, og dei trengte ikkje setje av tid til å reise. Dette trur eg bidrog positivt til at dei kunne snakke fritt og vi fekk ro til å kome gjennom det vi skulle.

Mi oppfatning er at kommunikasjonen mellom informant og meg fungerte godt i alle intervjeta. Eg opplever at dei fleste intervjeta fekk preg av å vere ein uformell og fri samtale mellom informant og meg. Dette er avgjerande for å få gode data då denne metoden baserer seg på samhandling eller kommunikasjon mellom forskar og informant (Grønmo 2016).

Eg intervjeta personar frå kommune, fylke, viktige reiselivsorganisasjonar og forvaltning som alle er vande med å prate og kan fagfeltet sitt godt. Det var også tydeleg at dette er eit tema alle har eit stort engasjement for. Kvale og Brinkmann (2009) beskriv utfordringar med å intervju ekspertar eller elitepersonar. Nokre av desse utfordringane kan eg kjenne igjen frå mine intervju. Ekspertar er ofte vande med å bli intervjeta og dei kan meir eller mindre ha førebudd eit innlegg med synspunkt dei vil fremje via intervjetet. Dette er satt på spissen, men det var viktig for meg å tørre å utfordre informantane på det dei sa på tross av dei er personar med status innan sitt felt.

Det å skulle styre intervjetet, men samtidig vere open for at informanten kan kome med nye tema, er ein viktige del av denne metoden (Grønmo 2016). Dette opplevde eg som ei utfordring. Fleire informantar hadde mykje dei ville dele. Mykje av dette var relevant og eg ønska at opplysningar og perspektiv eg ikkje hadde tenkt på skulle kome fram. Samtidig kunne det skje at informanten førte intervjetet inn på irrelevante spor. Det var då viktig å kaste eit blikk på intervjuguiden og få intervjetet inn på rett spor igjen. I og med at informantane

var engasjerte og hadde mykje kunnskap om temaet kom dei ofte inn på relevante tema og spørsmål utan at eg hadde tatt det opp. Som ein konsekvens av dette vart rekkefølgja på spørsmål og tema nokså ulik frå intervju til intervju.

Felles for alle intervjeta var at eg byrja med dei mest generelle spørsmåla for å kome inn i tematikken før eg stilte dei meir krevjande og kanskje litt kontroversielle spørsmåla til slutt. Det å gi informanten tid til å bli fortruleg med situasjonen før ein tek opp tema som kan vere sensitive eller vanskeleg å svare på er ein viktig del av det å etablere ein god kommunikasjonssituasjon (Tjora 2010). Til slutt var intervjuet avslutta med nokre lettare spørsmål. Dette er i tråd med det Grønmo (2016) beskriv som ei typisk intervjuutvikling. I løpet av dei første intervjeta såg eg også kva spørsmål som fungerte bra og mindre bra og kvar eg kunne gjere justeringar i guiden.

Av praktiske årsakar vart eitt intervju utført over telefonen. Då noterte eg det informanten sa og skreiv eit samandrag av samtalen med det same intervjuet var ferdig. Eg opplevde at det var vanskeleg å oppnå den same tillitsrelasjonen i gjennom telefonintervju samanlikna med dei andre intervjeta. Intervjuet vart betydeleg kortare enn dei andre og fekk ikkje same preget av å vere ein naturleg samtale.

Etter at intervjeta var gjennomført vart alle intervjeta transkribert. Alle intervjeta vart tatt opp med programmet ”garage band” som er eit lyd og opptaksprogram på MacBook Air. Dette fungerte bra, då det var enkelt å spole fram og tilbake i programmet. Ting som opplagt ikkje var relevant for oppgåva vart ikkje skrive ned ordrett. Det vart då nytta klamme og skrive eit kort samandrag av det som vart sagt. Alle informantane vart spurde om det var greit at intervjuet vart tatt opp på førehand.

#### 4.4 Analyse og framstilling av resultat

Til saman utgjorde alle dei nedskrivne intervjeta eit nokså stort datamateriale. Det var viktig å finne fram til ein systematisk metode for å finne trendar i materiale. Underproblemstillingar og sentrale tema som kom opp vart gitt ein fargekode og alle intervjeta vart gjennomgått og koda etter farge. Deretter vart sitat med same farge plassert i same dokument slik at det vart lett å samanlikne. Funna vart skrive om til ein samla tekst som presenterer trendane i datamaterialet.

Det er viktig å heile tida jobbe ut frå problemstillinga i oppgåva. Det er mykje som kan vere interessant, men som ikkje er relevant. I resultatdelen skal dei data som er relevante for å belyse problemstillinga framstillast og ikkje noko anna. Forskarrolla kan samanliknast med ein ordstyrar. Ein må bruke denne rolla slik at data viser korleis situasjonen faktisk er og korleis informantane opplever situasjonen.

#### 4.5 Drøfting av val av metode, gjennomføring og datakvalitet

Det er viktig å vurdere prosessen i etterkant. Prosessen gir mykje erfaring med å gjennomføre intervju og ein får eit større kunnskapsgrunnlag og innsikt i temaet.

Denne metoden skal berre brukast til avdekke forhold som er knytt til informantens subjektivitet. Det betyr at ein kan avdekke kva informant føler, kva hans erfaringar med dei forholda vi studerer er og korleis han opplever ein spesifikk situasjon (Tjora 2010). Den informasjonen informantane oppgir om faktiske forhold eller eigne handlingar eller haldningar kan vere feilaktige, då dei ikkje hugsar riktig eller ikkje vil framstå på ein spesiell måte for forskaren (Grønmo 2016). Eg har opplevd mine informantar som oppriktige og ærlege, men det er viktig å ha med seg kva mandat og stilling dei snakkar ut i frå i analysen av resultata.

Ei utfordring med semistrukturert djupneintervju er å ikkje legge føringar for kva informanten skal seie og meine (Grønmo 2016). Som forskar vel ein ofte tema som ein sjølv er interessert i og har eit engasjement for. Dette kan vere ei utfordring då ein ikkje skal la sine eigne haldningar farge resultata. Ein skal framstille resultata på ein så nøytral måte som mogleg utan at eigne haldningar til caset og temaet skin gjennom. Ein skal heller ikkje formulere spørsmåla i intervjuet på ein slik måte at ein styrer svara i ein viss retning. Dette er ei utfordring med kvalitativ forsking som eg har vore bevisst i heile prosessen. Eg har jobba mykje med det i både gjennomføringa av intervjeta, framstilling av resultat og analyse. Som masterstudent i Naturforvaltning er det naturleg at dette er eit tema som engasjerer meg og som eg også kan ha klare meiningar om. Eg føler samtidig at eg har klart å vere nøytral og presentere funna mine på ein objektiv måte.

## **5. Resultat**

I dette kapittelet presenterer eg resultata frå djupneintervjuet eg gjorde blant eit utval aktørar i Grøn fjord-partnarskapet, fylkesmannen, Sjøfartsdirektoratet og Stranda hamnevesen. Gjennom intervjuet ville eg fange opp aktørane si oppfatning av berekraftutfordringar i området og då spesielt på fjorden. Vidare ville eg fange opp haldningane deira til Grøn fjord-partnarskapet og korleis dei opplever at samarbeidet i partnarskapet fungerer. I dette kapittelet blir resultata presentert med utgangspunkt i intervjuguiden og underproblemstillingane i studie.

Oppgåva mi fokuserer hovudsakleg på trafikken på fjorden, men som fleire av informantane understrekar er det avgjerande å sjå trafikken på fjorden i samanheng med trafikken på land for å oppnå heilsakleg og berekraftig reiselivsutvikling. Aspekt og utfordringar ved situasjonen på land vil difor også bli tatt med.

### **5.1 Berekraftutfordringar på fjorden**

Så godt som alle eg har snakka med er av den oppfatning at det er berekraftutfordringar i Geirangerfjordområdet knytt til turismen og at ein framover må jobbe systematisk med å regulere tilstrøyminga av turismen i meir eller mindre grad.

Sjølv om alle anerkjenner at det er berekraftutfordringar i området kjem det fram ulike syn på kor store desse utfordringane i realiteten er. Dei fleste meiner at det er store utfordringar med forureining, trengsel og trafikkaos. Det er spesielt informantane frå Verdsarvstiftinga og fylkeskommunen som er mest kritiske til dagens situasjon. Verdsarvstiftinga trekk fram forureining, visuell forureining frå turisttrafikken, trafikkaos, opphoping av folk, dårlig spreiing av trafikken og lite miljøfokus i næringa som dei sentrale problema. Som eit eksempel viser dei til at Geiranger nesten har vore ein dumpingplass for gamalt bussmateriell. Dette kjem av at bussoperatørar konkurrerer på pris og det eldste materiellet difor vert sendt til turistdestinasjonane for utfluktskøyring.

Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen meiner situasjonen med forureining har vorte betre, men at ein framleis er ein veg å gå. Informanten beskriv situasjonen for nokre år tilbake som kritisk:

*Når fjorden var full av båtar og det var lite bevegelse i lufta så låg det eit lokk med forureining inn i fjorden der. Båtane spydde jo ut det dei brukar å spy ut. Og ein skal ikkje så mange år tilbake før det var heilt greit.*

Informanten opplevde at fylkeskommunen som forvaltningsmyndigkeit fekk kritiske spørsmål frå folk som hadde besøkt området om korleis dei kunne tillate dette i eit verdsarvområde. Fylkeskommunen har registrert at nokon stiller spørsmål ved om den synelege røyken som frå tid til annan legg seg over fjorden er så skadeleg som nokon skal ha det til, men i følgje informanten er den visuelle forureininga alvorleg nok i seg sjølv. Informanten frå samferdselsutvalet i fylkeskommunen meiner også at dagens situasjon i Geiranger ikkje er akseptabel, spesielt med tanke på at det er eit verdsarvområde.

*Eg opplever at det ikkje er bra når det ligg 6-7 turistskip inne der samtidig og heile området er røyklagt. Så det eine er klimagassutsleppa og det andre er jo partikkelutsleppa, det er klart at dei er store og det gir jo ikkje noko inntrykk av at det er eit verdsarvområde som skal bevarast på grunn av geologi og kultur og natur. Så eg trur det er viktig for verdsarvområde å finne andre løysingar på dette. Både at du unngår denne "crowdinga" då og at du unngår utsleppa.*

Informanten frå samferdselsutvalet stiller også spørsmål ved om verdsarvstatusen er godt nok forankra i lokalsamfunnet og registrerer at det er mange ulike syn på kva aktivitet ein eigentleg vil ha i verdsarvområde. I tillegg til utfordringane på sjøsida er det også problem knytt til samferdsel på landsida med at det er trøngt, kaotisk og til tider trafikkfarleg og uoversiktleg. Også informanten frå administrasjonen i Stranda kommune (heretter omtala som kommunen) opplever situasjonen til tider som trafikkfarleg på land og tykkjer det er rart at det ikkje har skjedd fleire ulykker.

Informanten frå Destinasjon Geiranger fryktar for at denne situasjonen skal gå ut over renommeet til Geiranger dersom ein ikkje tar grep. Informanten si hovudbekymring er at ein skal tenkje for mykje på kortsiktig økonomisk gevinst og at Geiranger berre blir ein stad med masseturisme der det er trøngt, mykje kø, folk og eksos på grunn av cruiseskip. Dette er informanten redd til slutt vil gjere at Geiranger ikkje er ein triveleg stad å vere. Informanten

frå administrasjonen i kommunen samanliknar situasjonen med ”allmenningens tragedie” og meiner det er nødvendig og setje visse restriksjonar.

Informanten frå Stranda hamnevesen oppfattar situasjonen annleis. På spørsmål om kva Hamnevesenet meiner er den viktigaste utfordringa for område svarer informanten at den største utfordringa er den uheldige miljødiskusjonen som har dukka opp, og at omverda ikkje forstår korleis ein må drive næring i området. Informanten meiner også at bileta av blå røyk over fjorden som blir brukt i kommunikasjon er uheldige fordi det er slik alle plassar. I tillegg viser informant til at bileta blir tatt akkurat i det eit skip skal startar opp, og viser difor eit overdrive negativt inntrykk av situasjonen.

Informanten frå Hamnevesenet meiner at det som har kome fram om forureining frå cruise berre er synsing og at dette er svært skadeleg for området sitt omdøme. Informanten peikar på behovet for fakta om kva som faktisk er tilfelle, som svært viktig. Vidare er informant bekymra for kva konsekvensar det vil få dersom ein gjer tiltak i område som ikkje er baserte på truverdige fakta.

*Her finst jo ikkje fakta på det som går på utslepp til luft og sjø. Og her finst heller ikkje fakta på det som går på kva skjer i eit lokalsamfunn visst du går inn og gjer tiltak ein plass utan å ta hensyn til det som er rundt.*

Informanten frå Geiranger og Nordfjord cruisehandling gir også uttrykk for at problema med cruise kan ha ein tendens til å bli overdrive. I tillegg peikar informanten frå Sjøfartsdirektoratet på at det ein har sett på kanskje har vore litt einsidig og at det er lett å stemple cruisenæringa som verstingen. Også informanten frå Sjøfartsdirektoratet er samd i at det er viktig å få meir fakta på bordet. Vidare seier informanten at det finst mykje teknologi som er meir miljøvennleg og som er klar til bruk, men spørsmålet er om der finst vilje og økonomi til å gjere desse endringane.

### **5.1.1 Sosial berekraft**

Geiranger er ei bygd med om lag 200 fastbuande, og dei slit med fråflytting. Blant dei eg har snakka med er det mange som trekk fram dette som den største utfordringa for bygda. Kva som er årsaken til fråflyttinga er det imidlertid ulike meiningar om. Blant anna informanten

frå administrasjonen i kommunen er redd trengsel og forureining gjer det utrivelig for folk å bu i bygda og at folk difor flyttar.

*Vi er begynt å nå eit metningspunkt nemlig, og det merker lokalbefolkinga i Geiranger. Vi har no uttalelsar som går i retning av at folk vil flytte derifrå på grunn av at det er sopass mykje ulempar med det at dei ser ikkje at det å bu i Geiranger har dei fordelane som dei opprinnleg hadde med rein natur og fri for alt for mykje forureining blant anna.*

Informanten frå Hamnevesenet er klar på fråflyttinga ikkje har noko med turismen å gjere. Informanten meiner at fråflytting frå bygder er ein større trend og at det er eit resultat av at det blir for små forhold. Fråflyttinga blir ein snøballeffekt. I dette ligg det at når først nokre bestemmer seg for å flytte så flyttar også fleire. Informanten frå Hamnevesenet er også av den oppfatning av at folk er lei den negative omtalen staden får i media.

*Eg trur rett og slett folk er skita lei ta alle forståsegpårarar som kjem inn hit og skal fortelje oss korleis vi skal drifta samfunnet vårt. Og i hvertfall når mange av dei innspela som blir tatt inn og blir synleggjort er synsing. Mykje synsing og masse følelsar. Og det kan faktisk vere veldig uheldig.*

## 5.2 Fragmentert forvaltning som utfordring for berekraftig utvikling

Dei eg har snakka med bekreftar inntrykket om at forvaltninga av verdsarvområdet er fragmentert og at det er ei utfordring at ansvaret ligg på mange forvaltningshender. Dei beskrev ein situasjon der alle ventar på at nokon andre skal ta tak i problema og gjere noko. Dei aller fleste ser at det er eit behov for gjere meir tiltak for å sikre berekraft, men føler at ein sjølv ikkje har tilstrekkelig med myndighet eller ressursar til å gjere det. Nokon peikar oppover i systemet og etterlyser at nasjonale og regionale myndigheter skal ta meir ansvar, medan andre peikar på kommunen som ein aktør som ikkje oppfyller rolla si som samfunnsutviklar godt nok. Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen beskrev det som at der er fleire ”missing links” i forvaltingssystemet og at dette er viktig å få ordna opp i.

*Der er veldig mange som kvar for seg har rista hovudet og sagt at slik kan det ikkje vere, men kven er det som kan gjere noko med det? Og så har ein trudd at det kan den gjere, og så har det ikkje vore slik likevel. Og det å få rydde opp i dette her no, få på plass desse "missing linkane" slik at det er logisk, at det er eit system i galskapen då.*

Vidare fortel informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen om fleire aktivitetar som skal bidra til å skaffe betre oversikt og kanskje etablere eit nytt regelverk som er lettare og meir oversikteleg og som fungerer på ein meir effektiv og optimal måte enn som er gjeldande i dag. Informanten referer til ein samtale med hamnemyndighetene der dei fortel at dei ikkje kan setje restriksjonar, men må dokumentere utslepp og sende det vidare til sentrale myndigheter. Informanten opplever imidlertid at sentrale myndigheter ikkje har noko apparat for å ta i mot det som vert dokumentert. Dei berre tek det til etterretning og ”offar seg” over at situasjonen ikkje er bra. Informanten meiner det er ei utfordring at ansvar for reiselivet er spreidd på fleire departement og at denne uklare ansvarsfordelinga også forplantar seg nedover i systemet til lokalt nivå. Informanten meiner at ansvaret må vere gitt til eitt departement og at dette vil gjere det lettare å få oversikt også lokalt.

Informanten frå Samferdselsutvalet i fylkeskommunen stiller spørsmålsteikn ved om den sektoriserte forvaltninga er eigna til løyse problema i verdsarvområde, og trekk fram for dårlig koordinering som ein årsak til at det er mange ting ein ikkje får gjort noko med. Informanten frå Verdsarvstiftinga er av same oppfatninga og meiner også det er ei utfordring at store problemstillinger ligg på veldig mange forvaltningshender og at det særskilt er uklare forhold på sjøområdet. Samtidig understrekar informanten at for å skape berekraftig utvikling er ein avhengig av forvaltningsledda har same mål og visjon og styrer i same retning. Dette kan vere ei utfordring når alle har ulikt lovverk og regelverk og forholde seg til.

### 5.3 Kvifor oppstod Grøn fjord?

Informanten frå Verdsarvstiftinga seier at Grøn fjord oppstod som eit resultat av frustrasjon, knytt til fleire av faktorane beskrive over. Dei observerte ein situasjon som dei vurderte som uholdbar og fann ut at noko måtte gjerast.

Det var Verdsarvstiftinga som tok initiativ til Grøn fjord og som har prosjektleiarfunksjonen. Dei beskrev Grøn fjord som ei samarbeidsrørsle med partnarar som har bestemt seg for at dei

ynskjer å gå ei viss retning i lag. Det var naturleg for stiftinga å ta eit leiarskap på det då det er dei som sat på grunnideen og dei som har finansiert store delar av arbeidet.

Initiativet starta med at stiftinga sat seg ned med dei store næringane og dei store lokale selskapa og spurde om dei kunne tenkje seg å vere med i eit strategiarbeid og definere ein slags visjon for verdsarvområde. Informanten frå Verdsarvstiftinga beskrev det som forbausande lett å få med partnarane, sjølv om nokre er nok med mest for å få med seg kva som skjer i eit lite bygdesamfunn. Kravet for å bli partner er ei forbetring i året. Dette kan vere skifting av leddpære, spare straum, gjere renovering eller tenkje berekraft i val av materiale. Vidare kan det vere transportørar som ynskjer å teste ut ny teknologi som nullutsleppsløysingar eller hybridløysingar. På sikt er målet at alle bedriftene som er med skal få sertifisering som miljøfyrtårn og at Geiranger skal bli sertifisert som berekraftig reisemål gjennom Innovasjon Norge sitt berekraftprosjekt.

Både miljøaspektet og det sosiale aspektet ved berekraft var viktig for at stiftinga tok initiativet til Grøn fjord. Verdsarvstiftinga registrerte misnøye blant anna gjennom ytringar frå lokalbefolkninga på sosiale medie når dei opplevde at det var for mykje folk og trengsel i Geiranger. Dei opplevde at den negative omtalen bekymra lokalt næringsliv og at det gjorde noko med staden som triveleg stad å bu og besøke. Verdsarvsekretariat vart stilt kritiske spørsmål om korleis dei kunne tillate dette i eit verdsarvområde og om kvifor det ikkje vart stilt strengare restriksjonar og spørsmål til aktiviteten i området. Stiftinga såg også at mykje av verdiskapinga frå turismen ikkje vart liggjande igjen i bygda, og dette var noko dei ville ta tak i og sjå på korleis ein kunne skape meir lokal verdiskaping og arbeidsplassar av turismen lokalt.

Administrasjonen i fylkeskommunen var ein av dei aktørane som tidleg var begeistra for ideen, og dei har engasjert seg sterkt i partnarskapet gjennom økonomisk støtte. Kommunen var også positive. Sjølv om dei ikkje har hatt moglegheit til å støtte prosjektet økonomisk, var det viktig for dei å stille seg bak tiltaket for å vise at dei tek omsynet til natur og miljø på alvor.

*Først og fremst så trur eg det er viktig for Stranda kommune å synleggjere at vi stiller oss bak tiltaket, nemleg å skape ein natur og ein bruk av natur som gjer at vi for ettertida kan seie at vi har brukt av naturen, men vi har også forvalta og ikkje*

*forbrukt den, altså vi kan overlevere den til nye generasjonar like godt som vi har fått den.*

I følgje informanten frå Destinasjon Geiranger var utgangspunktet for Grøn fjord i stor grad at ein såg utfordringar knytt til cruise og transportsektoren. I starten var hovudfokus på korleis ein kunne få meir miljøvennlig transport, og el-skuterar og el-bilar vart viktige symbolsaker. Vidare var det viktig å kartlegge kva kvar enkelt bedrift kunne bidra med. Informanten frå Destinasjon Geiranger beskriv det som nyttig at ein fekk eit litt anna perspektiv på Geiranger som område gjennom Grøn fjord og at ein vart meir merksame på korleis kvar enkelt kunne bidra.

Informantane frå fylkesmannen trur at ein grunn til at Grøn fjord oppstod var behovet for å koordinere utviklingsarbeidet. Det er, som informantane påpeikar, eigentleg kommunen som skal ha ansvar for utvikling som politisk organ, men at dei samtidig har eit forvaltningsansvar. Informantane frå fylkesmannen meiner at Grøn fjord hjelper kommunen med den planlegging. Dette meiner dei kan vere positivt, men understrekar at det er viktig å ha ei klar rollefordeling og definere kva ein vil når ein etablerer noko, og kven som skal vere premissgjevar for utviklingsarbeidet.

## 5.4 Grøn fjord som koordinator

Blant dei eg snakka med som er partner i Grøn fjord er det berre informanten frå stiftinga som omtalar nettverket som ”vi i Grøn fjord”. Dei andre referer til ”dei i Grøn fjord” og formulerer seg på måtar som ”dei i Grøn fjord meiner” eller ”eg trur det dei vil oppnå er å”. Dette meiner eg fortel noko viktig om eigarskapskjensle til det arbeidet som blir gjort i partnarskapet.

Måten Grøn fjord jobbar på for å kome fram til ei felles avgjersle er å drøfte i fellesskap i styringsgruppa og prøve å konkludere. Det som dei kjem fram til i styringsgruppa blir skrive ned av sekretariatet i verdsarvstiftinga, og så er det opp til styringsgruppa å justere konklusjonen dersom dei er ueinige. Sekretariatet skriv referat frå alle møta i styringsgruppa og gjer justeringar i handlingsplanen dersom det kjem fram kommentarar frå styringsgruppa. Deretter blir det sendt ut på nytt, og dersom det ikkje kjem fleire kommentarar er handlingsplanen endeleg.

Så godt som alle eg snakka med peikar på at opprettinga av Grøn fjord i stor grad har vore avhengig av eldsjeler i verdsarvstiftinga og fylkeskommunen som ivra for dette initiativet og for ta vare på verdsarven. Informanten frå kommunen understrekar samtidig at dei oppfattar leiinga som relativt romsleg. Det same gjeld informanten frå Geiranger og Nordfjord Cruisehandling, som opplever at sjølv om ein ikkje alltid er einige internt er det absolutt er rom for å snakka saman i partnarskapet.

Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen peikar at det er mange aktørar som er med og at nokon har eit større apparat rundt seg enn andre. Dette kan skape ei skeivfordeling i form av at det er vanskelegare for dei små aktørane med mindre ressursar å kommunisere sitt synspunkt. Dei små næringsaktørane eksisterer som informanten seier utifrå små marginer og dei fryktar for at reguleringar skal føre til at bedrifa deira ikkje er lønnsam lenger. Vidare seier informanten at dei som utgjer sekretariatet frå stiftinga er kunnskapsrike og ressurssterke, og gir klart uttrykk for kva dei meiner. Informanten har forståing for at små aktørar kan oppleve det som vanskeleg å stå fram med sitt synspunkt dersom dette er i strid med det stiftinga meiner.

Partnarane som ikkje er med i styringsgruppa får informasjon via nyhendebrev, på Grøn fjord konferanse, på partnarskapsmøte og facebook. I intervjuet fortel informanten frå Verdsarvstiftinga at det er nok kanskje er dette dei er därlegast på, å involvere den store gruppa på over 80 partnarar. Desse har høve til å kome med si mening på partnarskapsmøta som blir arrangert anna kvart år, dei åra det ikkje er Grøn fjord konferanse. Her har dei høve til å kome innspel både på strategiar, på handlingsplanar og på tiltak, men på førre partnarskapsmøte i 2015 var det lite respons. Informanten frå Stiftinga meiner at ein årsak til dette kan vere at dei har vore for därlege på å halde partnarane orientert om kva som er dei viktige sakene det blir jobba med, korleis dette arbeidet kan vere relevant for dei å engasjere seg i og korleis dei kan kome med forslag.

#### **5.4.1 Forankring i moderorganisasjonane**

I intervjuet går det fram at det varierer i kva grad aktørane eg har snakka med deltar aktivt i partnarskapet. Det finst ikkje systematiske rutinar eller arbeid i moderorganisasjonane før eller etter eit møte i Grøn fjord, fortalte fleire av informantane. Det blei vidare påpekt at det

heller ikkje finst noko forhandlingsrom som er avklart i forkant av møta for representanten i styringsgruppa. Det er med andre ord ingen systematisk forankring av det som blir vedtatt i Grøn fjord og tilbake til moderorganisasjonane. Det meste av informasjon går direkte frå Grøn fjord og ut til partnarane, ikkje gjennom representantane som deltek i arbeidet. Informanten frå politisk nivå i kommunen seier at det å bidra til å forme innhaldet i Grøn fjord kanskje er det dei er svakast på.

*Eg skal ikkje seie at vi ikkje er tilstade, for det er feil. Vi har folk frå administrasjonen som møter i ulike nivå i organisasjonen. Men det er klart, på mange måtar så får vi innspel frå Grøn fjord der dei ber oss ta fatt i ulike problemstillingar, og det er mest den vegen det går enn andre vegen.*

Ting som er tema i Grøn fjord blir med jamne mellomrom diskutert i kommunen på avdelingsmøte og det kan vere tiltak på budsjettet som er direkte kopla til det som skjer i Grøn fjord. Men Grøn fjord blir ikkje systematisk tatt opp som ein eigen post internt i kommunen eller på kvart møte. Dette har det hittil heller ikkje vore behov for slik som kommunen ser det. Dette er det same som kjem fram i intervjuet med informanten frå Destinasjon Geiranger. Grøn fjord er ingen fast post på deira styremøte, men dei har heller ikkje til no opplevd at det har vore saker som krev debatt internt i deira organisasjon.

Heller ikkje i administrasjonen i fylkeskommunen er det noko systematisert møteverksemd eller utveksling av informasjon i forkant eller etterkant av møta i Grøn fjord. Forvaltninga har ein representant i styregruppa, men det er ikkje systematisert gjennom året at denne representanten snakkar med sine kollega i fylkeskommunen om kva synspunkt eller saker som er viktig for fylkeskommunen å fremme i Grøn fjord. Dette kan samsvare med det som kjem fram i intervjuet med Destinasjon Geiranger der informanten seier at ein deltar meir eller mindre som ein privatperson på møta i styregruppa. Informanten peikar likevel på at du sjølvsgåt må ha i tankane kva som vil vere viktig for din organisasjon og forhøre deg tilbake i din organisasjon om du opplever behov for det. Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen seier at det vil vere naturleg å etablere ein meir systematisk dialog i framtida.

I samferdselsutvalet i fylkeskommunen skjer det ingenting før og etter eit møte i Grøn fjord. I følgje informanten frå samferdselsutvalet har Grøn fjord liten forankring på politisk nivå i

fylkeskommunen, i alle fall ikkje innanfor samferdsel. Vidare seier informanten at det kanskje er nettopp dei som burde ha størst innflytelse, medverknad og synspunkt på det som skjer i Grøn fjord frå fylkeskommunen, då mange av utfordingane i Geiranger er knytt til trafikk og infrastruktur. Samferdselsutvalet har aldri vore med å gitt innspel til handlingsplanen til Grøn fjord og i løpet av eit år får dei lite informasjon frå Grøn fjord. Det er eigentleg ingen systematisk dialog mellom Grøn fjord og samferdselsutvalet. Informanten stiller seg tvilande til om det er nokon fylkespolitikar som i det heile kjänner til handlingsplanen til Grøn fjord.

For at Grøn fjord skal fungere som ein koordinator meiner informanten frå samferdselsutvalet at aktørane må involvere seg meir. Dersom kommunikasjonen hovudsakeleg går frå Grøn fjord og ut til partnarane kan det bli vanskeleg oppnå resultat. Til dømes visst det kjem eit innspel frå Grøn fjord til samferdsel i fylkeskommunen om noko som dei ikkje har noko forhold til eller ikkje har vore med å gitt innspel til og jobba med, då er det lett for at det blir lagt til sides og ikkje gjort noko med. Kanskje blir det til og med møtt med motstand. Informanten opplyser om at enkelte politikarar har kome med ytringar som at ”det der som Grøn fjord held på med, nei det kan vi ikkje bruke tid på”. Men dette er i følgje informanten avhengig av kva politisk parti du snakkar med. Nokre parti kan uttrykkje at dei er veldig positive til arbeidet i Grøn fjord, som til dømes representantar frå SV eller Venstre. Hjå andre parti kan det nesten vere eit skjellsord. I tillegg kan det også vere personavhengig innanfor i dei ulike partia.

#### **5.4.2 Interessemotsetnadar**

I følgje informanten frå Verdsarvstiftinga er det tydelege interessemotsetnadar i møta i partnarskapet, men at dette er naturleg. Det er til dømes forståeleg at dei som driv buss føler seg trua når det er snakk om legge restriksjonar på den aktiviteten og den verdiskapinga som dei står for. Næringsdrivande vil ikkje uventa beskytte det som er deira segment. Informanten frå stiftinga meiner det er svært viktig å ikkje skyte på kvarandre og lage syndebukkar, då dei ser at ein ikkje kjem nokon veg med det. Samtidig er informanten klar på at ein må ha som utgangspunkt at alle må bidra og gjere ein jobb. Stiftinga er også klar på at det ikkje var deira mål å skulle ”frelse nokon” då dei oppretta partnarskapet, og at dei skal vakte seg for å vere ”besserwisserar”. Samtidig prøver dei å påverke ved å fortelje kva dei trur er gode løysingar.

*Eg har alltid hatt lite tru på at vi skal prøve å frelse nokon eller hjernevaske nokon.  
Eg har sagt det at det er ikkje alle saker som oss blir einige om, langt i frå. Og eg tenkjer slik at ok då har du ditt standpunkt og eg har mitt standpunkt, men vi har jo likevel ei eller anna stjerne der framme som vi skal prøve å nå.*

Hamnevesenet i Stranda og Geiranger er ein sentral aktør i området og styrer mykje av den maritime trafikken på fjorden og i hamnene. Hamnevesenet var med i starten då ein skulle forme prosjektet Grøn fjord og vart invitert med til å ha ein fast plass i styringsgruppa. Informanten frå hamnevesenet fortel at dei valde å trekke seg ut av samarbeidet fordi dei opplevde at deira synspunkt ikkje vart hørt i stor nok grad, og at dei ikkje fekk vere med påverke slik dei ville. Informanten opplever også at deira mandat, som er å legge til rette for næringsutvikling, ikkje vart tatt omsyn til i stor nok grad. For Hamnevesenet er det viktig å vere ein aktiv partner når dei først skal engasjere seg, men informanten opplevde dette som vanskeleg i Grøn fjord då dei ikkje kunne stå inne for innhaldet. I følgje informanten følte Hamnevesenet dei nådde eit punkt i arbeidet der dei ikkje hadde verken tid, pengar eller energi å bruke på eit samarbeid dei ikkje følte var matnyttig.

Dette omtaler informanten frå Verdsarvstiftinga som synd og dei skulle veldig gjerne ynskje Hamnevesenet ville vere med. Dei har i ettertid vorte invitert inn i styringsgruppa ved fleire høve. Informanten frå Verdsarvstiftinga opplever det som rart når eit kommunalt eigd selskap står utanfor og er kritiske til rørsla sine prioriteringar og ytringar, samtidig som kommunen er partner. Slik informanten frå Verdsarvstiftinga opplever det er problemstillinga med cruise ein viktig grunn til at Hamnevesenet valde å ikkje vere med. Denne problemstillinga er i følgje informanten frå stiftinga ikkje enkel. Informanten er klar på at ingen skal skytast på i Grøn fjord-samarbeidet, men at alle må bidra etter beste evne. Vidare uttrykkjer informanten frå stiftinga forståing for at det ikkje er ein lett balanse for Hamnevesenet fordi dei har stram økonomi og heilt avhengig av å drive forretning og levere positive resultat til kommunestyret. Difor har Hamnevesenet eit press på seg. Samstundes saknar stiftinga eit initiativ frå Hamnevesenet.

Informanten frå Hamnevesenet er på si side kritiske til Grøn fjord sin kommunikasjon og meiner at saker i for stor grad har vorte fremma med eit veldig negativt forteikn. Dette meiner informanten skaper ei negativ omdømebygging. Informanten frå Hamnevesenet meiner også det er svært problematisk at den negative omtalen ikkje er basert på pålitelege fakta, og at det

meste har vore synsing. Verdsarvstiftinga understreker på si side at Grøn fjord må vere ærlege i sin kommunikasjon og våge å ta opp problem og setje saker på dagsordenen for å kunne løyse dei.

Informanten frå Hamnevesenet tykkjer det er trist dersom omverda oppfattar dei som driv næring i Geiranger som kyniske personar som berre er ute etter å tene pengar. Det går også klart fram av intervjuet at informanten frå er engasjert og bryr seg om bygda.

*Det er forferdelig trist fordi at omverdenen kan oppfatte oss som ein gjeng med kyniske personar som berre er opptatt av å tjene pengar. Vi er faktisk hardt arbeidande og vi bryr oss om kommunen vår og om arbeidsplassane våra og om det vi held på med.*

Informanten frå Hamnevesenet fortel om fleire tiltak til forbetring som dei jobbar med i reguleringsplan for land og sjø, blant anna gangveg og tiltak som skal gi meir struktur, system og ryddige forhold i område langs fjøra og ved naustrekka. Dei ynskjer også å flytte bussar ut av sentrum. Informanten trekk fram etableringa av ”seawalk” (flytande mobil kai) som ei av dei viktigaste miljøsatsingane i Geiranger på mange år, og stiller spørsmål ved kvifor Grøn fjord ikkje nemner dette arbeidet med eit ord. Sjølv om alt dette er tiltak til forbetring opplever informanten frå Hamnevesenet at dei møter hindringar i form av vern, verdsarv, miljø og risiko for ras. Informanten seier det ikkje er enkelt å få gjort noko i området, men at dei har ein god dialog med fylket og andre nødvendige partar. Informanten frå Hamnevesenet fryktar at ein skal verne område i hel.

*Viss du verna i hel eit område og folk ikkje får jobbe her og tene pengar så til slutt så er her ikkje nokon ting, og då blir det fryktelig trist for hotella, fjordsenteret og butikkane her å vere her aleine fordi at då er ikkje her noko rett og slett altså. Og det kan bli verste konsekvensen.*

Informanten frå Hamnevesenet si oppfatning av berekraftutfordringane i området skil seg klart frå dei andre. Som blant anna Verdsarvstiftinga og kommunen peikar på, må ein forstå Hamnevesenet sitt syn ut frå det mandatet dei har. Informanten frå kommunen seier at Hamnevesenet si hovudoppgåve er å ivareta sikkerheita på sjøen og ivareta økonomien i

føretaket. Dei har i dag gjeld etter bygging av kaianlegg og det er viktig å forstå deira driftsfokus.

Informanten frå Hamnevesenet understrekar imidlertid at dei ikkje utelukkar at dei kan gå inn som partner i framtida og at dei stadig har ein dialog med Grøn fjord. Informanten ser også at det er behov for at selskap eller bedrifter sett seg ned i lag og diskuterer strategiar og blir einige om ein veg. Men slik det er i dag føler ikkje informanten frå Hamnevesenet at Grøn fjord er ein aktør som kan bidra til betre koordinering og meir samarbeid. Informanten ser imidlertid at Grøn fjord har sett i gang eit dokumenteringsprosjekt i samarbeid med blant anna Sjøfartsdirektoratet, og dei beskriv dette som ”heilt fantastisk” og at det er akkurat slike fakta Hamnevesenet saknar.

Informanten frå Destinasjon Geiranger omtaler det som nærmast ei polarisering mellom dei som er med i nettverket og dei som ikkje er med. Informanten skulle gjerne sett at fleire ville vere med sjølv om dei er ueinige, og at ein kunne tatt diskusjonen internt i gruppa.

Informanten er av den oppfatning at ueinigkeitene og nyansane eigentleg ikkje er så store og at alle eigentleg ønskjer mykje det same, men at ein lett misforstår kvarandre. Det er difor viktig at alle kan samle seg rundt eitt bord og at ein må tåle og seie rett ut kva ein meiner og kvifor ein er ueinig. Informanten legg vekt på at dette er mykje betre enn at ein får referert haldningar via andre, og at det lett kan skape misforståing og unødvendig strid.

Informanten frå Destinasjon Geiranger registrerer at Hamnevesenet og fleire næringsaktørar er skeptiske til om ein har nok fakta for å hevde at det er ei utfordring med forureining i området. Informanten er einig i at ein treng meir fakta, men at ein samtidig må ta omsyn til «føre-var-prinsippet». Dette inneber at sjølv om ikkje alle fakta er på bordet, må ein vise varsemd med tanke korleis ein driv næring i eit verdifullt naturområde. Informanten meiner også at ein har fakta som tyder på at forureininga og belastninga på område til tider er stor og at det er grunnlag for å iverksetje miljøtiltak.

Verken informanten frå Destinasjon Geiranger eller frå kommunen opplever imidlertid at det er store ueinigheiter innanfor styringsgruppa per i dag, men at det kanskje var meir i starten. Begge informantane viser til at det var ein prosess med å definere vedtekter og visjon og målsetjingar der ein måtte diskutere seg fram til semje, men i dag er det noko partnarane stiller seg bak. Både informanten frå kommunen og fylkeskommunen understrekar at det i ein

del tilfelle kan vere større interesseomsetnadar mellom i mindre aktørar i lokalsamfunnet i Geiranger og det Grøn fjord står for. Dette kjem av at Grøn fjord sine interesser i ein del tilfelle kan gå på tvers av næringsinteresser.

### **5.4.3 Ulike perspektiv på regulerering av cruiseturismen**

På tross av kritikken av cruiseturismen, og ei oppfatning av at volumet av turismen er nådd eit metningspunkt, er alle informantane positive til turismen i område. Dei beskriv det som ein viktig berebjelke i bygda, og at turismen har lang historie. Det er heller ingen som meiner at ein ikkje skal ha cruiseturisme, ueinigheita går på kor mange skip, liggetid og kva krav ein skal stille til skipa som seglar inn i fjorden. I følgje informantane frå administrasjonen i fylkeskommunen og Verdsarvstiftinga meiner Hamnevesenet at skipa skal ligge halve dagar i Hellesylt og halve i Geiranger, og at denne måten å spreie trafikken inn og ut av fjorden på over døgnet er den beste løysinga. Informanten frå Verdsarvstiftinga og samferdselsutvalet meiner derimot at liggetida på denne måten blir for kort begge plassar, og då forsvinn grunnlaget for å drive butikk fordi turistane ikkje får nok tid til å handle, kjøpe opplevingar og besøke omgjevnadane før dei må vidare til neste stad.

Det er også fleire informantar som seier ein må sjå meir på samanhengen mellom trafikken på sjø og land med tanke på volum, spesielt når cruiseskipa blir større og større. I tillegg ønskjer informanten frå Verdsarvstiftinga at det berre er dei mest miljøvennlige skipa som skal få segle heilt inn til Geiranger. Informanten frå stiftinga meiner ein kan redusere volumet til to skip per dag og at dette ikkje vil føre til reduserte inntekter slik som Hamnevesenet fryktar. Informanten frå Verdsarvstiftinga meiner tvert i mot at om det er færre skip som slepp inn og ein stiller strengare miljøkrav til desse skipa, vil det bli meir eksklusivt å kome inn i fjorden. Informanten viser til at Flåm og Aurland hamnevesen har strengare restriksjonar på kor mange cruiseskip som får segle inn i fjorden per dag, og at dei har klart å spreie trafikken mykje betre utover heile sesongen. Informanten får stiftinga er klar på at dersom Flåm og Aurland kan gjere det, då kan Geiranger og Stranda også. Informanten meiner at Stranda hamnevesen og kommunen ikkje er vågale nok til å tørre å prøve ein ny strategi.

*Eg trur ikkje reelt sett vi klarer å ta ut ei god nok verdiskaping til å forsvare fire cruiseskip på fjorden då. For på eit eller anna tidspunkt så blir det fullt. Det blir fullt i suvenirbutikken og det blir kaos på vegane. Slik at eg trur vi hadde hatt betre*

*utnyttelse av, sei ei grense då på to skip då per dag. Det er mykje verdiskaping i det, kjempe masse, pluss at dei skipa blir litt meir eksklusive skulle eg til å seie, dei får lov til å kome inn i det aller mest heilage, og det ville vorte kamp om dei to plassane, garantert, dei ville måtte konkurrere om å få kome først inn. Og visst vi får dei også då til å ligge på heil dag, så har dei mykje tid til å kjøpe utflukter, legge igjen pengar, og ikkje minst støtte opp under lokal verdiskaping.*

Dette er ei oppfatning som fleire informantar deler. Blant andre informantane frå samferdselsutvalet i fylkeskommunen trur at ved å redusere volumet av turismen vil ein kunne bidra til eit meir berekraftig reiseliv og som kan generere vel så mykje inntekter, og at det kanskje blir eit meir eksklusivt produkt.

Med ei slik ordning der ein legg strengare krav til den maritime trafikken fryktar informantane frå Hamnevesenet at ein vil få ei forskjellsbehandling av dei turistane som kjem sjøvegen til Geiranger, og meiner at då må dei same strenge reglane gjelde for dei som kjem landevegen.

*Du kan ikkje gå inn å diskriminere gjestane dine som betaler faktisk ganske mykje pengar for å kome hit. Då må du lage eit system som fangar opp både dei som kjem sjøvegen og dei som kjem landevegen. At du på ein måte har ei form for kall det regulering då som er lik. For forskjellsbehandling i dagens samfunn det hører faktisk ikkje heime.*

Fleire informantar understrekar at det er heilt avgjerande for bedriftene i Geiranger å vere sikra eit visst volum av besøkande i løpet av høgsesongen. Dei viser til at bedrifter som hotella og Stranda hamnevesen har gjort store investeringar som dei er avhengig av å få inntekter til å dekke. Informantane frå politisk nivå i kommunen og Hamnevesenet fryktar også at dersom ein reduserer talet skip inn til Geiranger vil dei leggje til ved andre nabohamner og bli bussa inn til Geiranger. Dette kan skape ein verre situasjon enn i dag då dette ikkje genererer inntekter til lokalt hamnevesen og ein berre sit igjen med søppelet i bygda frå turismen. Ein oppnår med andre ord verken miljøvennlig eller næringsmessige fordelar.

Alle informantane trekk fram den korte sesongen som ei stor utfordring i området. Det er i løpet av nokre månadar på sumrane at bedriftene skal generere inntekter som skal sørge for lønnsemrd. I månadane november og utover vinteren er det stille i område. Dette er også ei

utfordring med tanke på å kunne bu i bygda heile året då det berre er grunnlag for turistnæring i ein del av året. Det er difor ein viktig prioritet for informantane å jobbe for å utvide sesongen. Dette gjeld spesielt skuldersesongane, men også vintersesongen. Dette er noko blant anna både Destinasjon Geiranger og kommunen jobbar målretta med. Informanten frå Hamnevesenet understrekar imidlertid at det ikkje er så enkelt som å bestemme seg for at ein vil ha turistar i området på vinteren, då dei fleste i verda reiser på ferie om sumaren.

Informanten frå politisk nivå i kommunen meiner på lik linje med informantane frå fylkeskommunen at det skjedd ei stor forbetring i situasjonen på fjorden, men at ein enno ikkje kan seie at ein er i mål. Forbetringa meiner dei er eit resultat av strategisk arbeid i Hamnevesenet dei siste to åra, etter at kommunen såg at dei var i ferd med å miste styringa. Informanten frå kommunen meiner Hamnevesenet gjer ein god jobb med å regulere trafikken og at dei har kompetente folk i leiinga som er bevisste på utfordringane. Informanten understrekar at dette med miljøomsyn er noko dei tek på alvor. I dialog med Hamnevesenet jobbar dei kontinuerlig med å balansere omsyn til miljø og berekraft med omsyn til økonomi. Dei er særskilt opptatt av korleis ein skal få strekt sesongen utover i tid, men også utover i løpet av ei veke. Dette arbeidet er tidkrevjande fordi det er internasjonale selskap som legg premissane. Turistane kjem ofte med fly til Ålesund frå Tyskland og England på bestemte dagar og då har trafikken ein tendens til å hope seg opp på enkelte vekedagar. Informanten frå kommunen meiner likevel at dersom ein jobbar med dette over tid så vil ein få resultat.

Informanten frå Hamnevesenet bekreftar at dei seier nei til mykje, og at dei klarer å halde talet på besökande båtar på eit stabilt nivå i minst to år fram i tid. Dei veit både når båtane kjem og kor mange som kjem. Informanten meiner at den største utfordringa ligg på land, og opplyser om at den landbaserte trafikken skal auke med 44 prosent og at dette er ekstremt mykje. Dette blir særskilt med tanke på at alt skal skje på seks små veker på sumrane.

## 5.5 Korleis bidrar Grøn fjord til meir berekraft i området?

Korleis Grøn fjord fungerer som koordinator for å få meir berekraft i området har vore hovudfokus i denne undersøkinga, men undervegs i intervjuprosessen forstod eg at det også er andre måtar enn berre gjennom betre koordinering at Grøn fjord bidrar til meir berekraft.

### **5.5.1 Grøn fjord som tilretteleggar for miljøvennlig adferd blant lokale bedrifter og organisasjonar**

Fleire peikar på at Grøn fjord bidrar positiv som ein kunnskapsarena. Dei arrangerer fagseminar om blant anna nye energiformer, og seminar som er spesielt retta mot dei som driv hotell eller maritimt. Informanten frå Geiranger og Nordfjord Cruisehandling opplever fagseminara som fagleg relevante for si verksemnd.

Informanten frå administrasjonen i kommunen meiner at Grøn fjord har valt ein riktig strategi med miljøfyrtårnsatsinga. Ordninga gir bedriftene ei gulrot for å velje å satse på miljø, heller enn at ein skal bruke sanksjonar mot det som ikkje er bra nok. I følgje informanten har arbeidet i Grøn fjord bidratt til eit større fokus på natur og bevaring også i næringslivet.

*Eg har registrert at det å ha fokus på natur og bevaring av natur har fått ei heilt anna stilling i dag enn det var berre for få år sidan. Og det er nettopp fordi Grøn fjord har bevisstgjort folk til å tenkje i dei baner då. Og det at der er mange bedrifter no i Geiranger som også har oppnådd miljøfyrtårn godkjenning trur eg skal tilskrivast Grøn fjord sitt engasjement.*

Dette blir stadfesta av informanten frå Geiranger og Nordfjord Cruisehandling som seier at deltakinga i Grøn fjord har ført til at dei tenkjer seg meir om og vurderer korleis dei kan bidra til eit meir miljøvennleg reiseliv.

Grøn fjord bidrar i følgje mine informantar til å setje miljøspørsmål på dagsordenen og dei fremjer vanskelege problemstillingar. Informanten frå stiftinga meiner at miljøfyrtårnordninga er god fordi ein får aktørane inn i eit system som oppfordrar dei til å setje mål og visjonar for eiga bedrift. På veg mot å få miljøsertifisering skal bedriftene gjennomføre minst ei miljøforbetring i året. Informanten understrekar at det lokale næringslivet skal spele ei sentral rolle i gjennomføringa av Grøn fjord sin visjon om sporlaus ferdsel. Ein viktig del av Grøn fjord sitt arbeid er difor å dyrke entreprenørskap. I følgje fleire av mine informantar hjelper Grøn fjord lokale næringsaktørar med å søke om midlar til miljøtiltak og fungerer på mange måtar som ein kunnskapsbase. Grøn fjord spelar soleis ei viktig rolle med å tilrettelegge for miljøvennlig adferd blant lokale bedrifter og organisasjonar.

Informanten frå politisk nivå i kommunen er klar på at Grøn fjord er med på å tilføre kompetanse og økonomiske ressursar som gjer at kommunen betre kan forvalte verdsarvverdiane. Grøn fjord har etablert samarbeid med høgskular, universitet, forsking og nasjonale institusjonar på fleire område, til dømes Sjøfartsdirektoratet og NMBU, Runde Miljøsenter, Instituttet for luftforurening ved NILU, Ålin som driv med avfallshandtering og fleire. Konferansane dei arrangerer trekk til seg mykje folk både frå lokalmiljø og nasjonalt og internasjonalt. I tillegg har dei prosjekt som rettar seg inn mot skuleverket.

Informanten frå Verdsarvstiftinga fortel om eit arbeid som no er i gang i regi av Sjøfartsdirektoratet med å dokumentere kva påverknad turisttrafikken har på miljøet. Arbeidet skal resultere i ein rapport som vil vere klar i mai 2017. I følgje informanten frå stiftinga er dette prosjektet eit resultat av at Grøn fjord og verdsarvsamarbeidet med Nærøyfjorden har fremja desse problemstillingane og prøvd å finne løysingar. Ein har løfta fram problemstillingar og vore heilt bevisst på at ein ikkje kan skyve problemstillingane under teppet.

Informanten frå Sjøfartsdirektoratet stadfestar at dette prosjektet er eit resultat av dialog med Grøn fjord, og påpeikar at dersom det ikkje er nokon som brenn for miljøsaker og setter dette på agendaen er det lett for at miljø kjem i andre rekke i dagens samfunn.

### ***5.5.2 Meir fleksibel og lausmaska organisasjon***

Informanten frå Destinasjon Geiranger peikar på at Grøn fjord sin fordel er at dei har korte linjer. Det er veldig lite byråkrati, og lite styrt. Aktørar kan snakke direkte med kvarandre og finne løysingar, og dette er i følgje informanten frå destinasjonsselskapet ein fordel. I tillegg nemner informanten at heile prosjektet har fått ein viss posisjon. Det blir av departement og UNESCO trekt fram som eit døme på såkalla ”best practice” innanfor miljøvennlig lokalsamfunnsutviklingslingsprosjekt. Sjølv om tiltaka med el-scooter, e-bilar og bussar kanskje er små, er dei viktige symbolsaker i følgje informanten frå destinasjonsselskapet.

Fleire informantar seier at Grøn fjord er meir fleksible enn den tradisjonelle hierarkiske forvaltninga. Informantane frå fylkesmannen og samferdselsutvalet i fylkeskommunen beskriv det som at Grøn fjord har moglegheit til å gå rett på sak og at dei ikkje har formelle

prosedyrar dei må forholde seg til. Slik kan dei arbeide raskare og søke midlar meir direkte, og dei treng ikkje godkjenning frå ulike ledd i organisasjonen før dei handlar. Forvaltninga har i større grad ein linjeveg dei må gå i form av faste prosedyrar for korleis prosessar skal vere. Informantane frå fylkeskommunen meiner dette er Grøn fjord sin styrke og fordel som organisasjon, men at ein føresetnad for å lykkast er at partnarane har felles mål.

Informanten frå politisk nivå i kommunen beskriv Grøn fjord som ein meir lausmaska organisasjon som har lettare for å fange opp grasrota. Dei formelle forvaltningsorgana har definerte arbeidsoppgåver knytt til departementet sine forventningar og krav. I Grøn fjord kan du engasjere deg som privatperson, bedrift eller som representant for eit lag eller organisasjon. Informanten frå kommunen trur det er eit meir lausmaska nettverk og at det kan gjere terskelen for å engasjere seg lågare. Vidare seier informanten at organisasjonar knytt til verdsarven er tyngre organisasjonar og meir byråkratiske enn det vanlege folk kan og vil engasjere seg i. I Grøn fjord har du større moglegheit til å fange opp vanlege innbyggjarar og folk. Informanten frå kommunen omtalar også Grøn fjord som ei vaktbikkje og at dette er ein viktig del av den rolla dei må ha i området.

Informanten frå Verdsarvstiftinga understrekar også at Grøn fjord ikkje skal vere forvaltning. Grøn fjord si rolle skal vere å setje problemstillingar på kartet og ansvarleggjere dei som har ei rolle i dette. På lang sikt når ein del problematiske forhold har vorte betra ser stiftinga for seg at Grøn fjord skal bli meir eit utstillingsvindu.

## 5.6 Kommunen som utviklar og behovet for nasjonal styring

Eit sentralt funn i denne studien er at fleire aktørar etterlyser klarare styringssignal frå kommunen, samtidig som fleire meiner at nasjonale myndigheter i større grad må ta grep om situasjonen. Fleire av mine informantar meiner at Grøn fjord hjelper kommunen til å drive utvikling i kommunen.

### 5.6.1 Kommunen som utviklar

Fleire informantar peikar på at det er eit sentralt problem at kommunen ikkje følgjer opp rolla si som utviklar av reiseliv og lokalsamfunnet godt nok. Dei peikar på at det er kommunen

som skal sjå heilskap og det er dei som må bestemme. Mange etterlyser at kommunen tek eit sterke grep når det kjem til regulering av cruise og trafikk.

Informanten frå samferdselsutvalet i fylkeskommunen poengterer at Stranda hamnevesen er eit kommunalt selskap og at Stranda kommune har full reguleringsmyndighet på land.

Stranda kommune burde difor i følgje informanten frå samferdselsutvalet kunne greie å ta styring over dette og sjå heilskapen. Informanten frå Stranda hamnevesen etterlyser klarare styringssignal frå eigaren sin. Informanten peikar på at der ikkje finst ei eigarmelding som seier noko om korleis kommunen vil ha reiselivet i kommunen, og at det heller ikkje finst ein reiselivsstrategi.

Informantane frå fylkesmannen fortel at det er krevjande å drive planlegging i eit område som Geiranger der ein ynskjer å utvikle næring og samtidig ta vare på verdsarvstatusen. Dette kan gjere det vanskeleg å prioritere på plansida og fylkesmannen er ofte inne og støttar kommunen i planprosessane som samordningsmyndigkeit. Informantane opplever ofte at kommunen ber om hjelp til å drive utviklingsarbeid, men understreker fleire gongar i intervjuet at forvaltninga ikkje skal drive utvikling. Deira mandat er å støtte kommunen fagleg. Informantane frå fylkesmannen gjentar fleire gongar i intervjuet at for å løyse utfordringane i Geiranger er det viktig at kommunen bestemmer seg for kva dei vil med reiselivet i kommunen, gir klare styringssignal og gjer prioriteringar.

Informanten frå administrasjonen i kommunen fortel at det har vore veldig mykje diskutert i kva grad kommunen kan legge restriksjonar på trafikken på fjorden. Informanten er usikker på om alle område knytt til dette er avklara, men at det har kome fram at kommunen kan pålegge ein del restriksjonar som dei kanskje ikkje hadde trudd. Samtidig understrekar informanten at det er stort sett nasjonale og kanskje internasjonale rammeverk og regelverk som styrer veldig mykje av det som skjer på fjorden.

Informantane frå fylkesmannen understrekar at lovverket som kan regulere trafikken inn til Geiranger er strengt, men at det handlar om vilje og evne til bruk det. Informantane stadfestar at lovverket er stort og komplekst og at det kan vere vanskeleg for ei lita kommune som Stranda med liten administrasjon å forvalte dette lovverket og få oversikt. I tillegg nemner dei at forvaltninga er veldig fragmentert ved å vere fordelt på ulike instansar, og at

det difor kan vere vanskeleg for kommunen å skjønne kva som er deira konkrete ansvarsområde.

*Det er klart det at ein politikar har veldig mykje ansvar. Og det å skulle setje seg inn i og forstå alle detaljane i dette her, det kan vere ganske krevjande for ein ordførar eller ein annan politikar.*

Stranda kommune er ei lita kommune med dårlig økonomi. Dei er på Robek-lista og i følge politisk nivå i kommunen vil det vil ta fleire år før dei klarer å kome seg ut av den. Mange av tiltaka som skal gjerast for å begrense trafikken i området er kostbare, og økonomien til kommunene er dermed ei utfordring. Mange av informantane understreker at kommuneøkonomien er ei sentral utfordring for å få på plass nødvendige berekrafttiltak, men fleire stiller også spørsmål ved om dette handlar om pengar. Dei viser til at det kan handle like mykje om politisk vilje eller ein kombinasjon. For ei lita kommune med dårlig økonomi kan det vere vanskeleg å pålegge reiselivsbedrifter miljørestriksjonar som vil kunne bety kroken på døra og tap av viktige arbeidsplassar i kommunen. Det som kjem fram i intervjuet med informanten frå administrasjonen i kommunen bekreftar dette. Informanten seier at kommunen ikkje vil vere for restriktive då cruisetrafikken genererer inntekter, og at det heile tida er ei utfordring å balansere omsynet til næring og inntekt med miljøomsyn.

Informanten frå politisk nivå i kommunen meiner sjølv at kommunen ikkje har gjort nok for å løyse utfordringane i Geiranger. Informanten vil ikkje skulde alt på dårlig økonomi, men seier at den tronge kommuneøkonomien gjer det vanskeleg for dei å bruke budsjettet som styringsinstrument. Samtidig meiner informanten at dei med tanke på føresetnadane kontrollerer situasjonen nokså bra, i alle fall på sjøen. Informanten poengterer at dette er komplekse problem og at det er eit arbeid som kommunen kanskje aldri vil kome i mål med.

Både informantane frå fylkesmannen og kommunen meiner at Grøn fjord hjelper kommunen til å drive utviklingsarbeid i kommunen. Dei framhevar at Grøn fjord kan vere ei støtte og vegvisar, hjelpe til med å lage innstillingar og dei kan lage anbefalingar. Samtidig er dei tydelege på at det er viktig å ha ei klar rollefordeling. Som eit døme peikar informantane frå fylkesmannen på at det er kommunen som har ansvar for å sørge for at nivået av forureining ikkje er for høgt i området, men at det i dag er Grøn fjord som har tatt initiativet til dette dokumenteringsarbeidet. I følgje informantane må ein bestemme seg for kva ein vil med

Grøn fjord og kva dei skal drive med og seier at dei eigentleg oppfattar Grøn fjord som ein forlenga arm av kommunen innanfor utvikling. Informantane meiner at ein kan dyrke dette meir i framtida ved at kommunen er enda tettare på og bestemmer og definerer kva oppgåver Grøn fjord skal jobbe med.

### **5.6.2 Behovet for nasjonal styring**

Fleire informantar viser til behovet for at nasjonale myndigheter skal ta meir styring og involvere seg meir i området. Dei etterlyser strengare krav og regulering av den maritime trafikken og då spesielt cruise. Informanten frå Verdsarvstiftinga meiner at problema i område ikkje lar seg løyse lokalt og at dette er eit storsamfunnsproblem, då skipa forureinar langs heile Norskekysten. Vidare meiner informanten frå stiftinga at det er vanskeleg for eit lite hamnevesen og kommune å setje strenge restriksjonar fordi dei er redd for å miste konkurransesfortrinn. Skal ein regulere dette strengare må det difor vere tiltak som skjer nasjonalt ikkje berre lokalt.

*Der bør vere ein nasjonal instans som styrer dette som legg føringar på kva vi skal tolerere av både trafikk og i det heile tatt. For skipa blir jo større og større. Det blir større og større fare knytt til både beredskap og sikkerhet og kva det måtte vere. Så eg meiner det er på høg tid at nasjonale myndigheter seier at dette er eit nasjonalt spørsmål som vi skal styre.*

Ikkje alle informantane er av denne oppfatninga. Informantane frå fylkesmannen viser til at det er ein av grunnsteinane i vårt demokrati at kommunen skal vere planmyndighet. Forvaltning og nasjonale myndigheter kan rettleie og gripe inn dersom kommunale planar er sterkt i strid med nasjonale, men i utgangspunktet er det kommunen som bestemmer. Informanten peikar på at spørsmålet om kommunen er i stand til å vere planmyndigkeit er eit anna spørsmål og at det er ein grunn til at ein har fått ein debatt kring dette med kommunereform.

Informanten frå politisk nivå i kommunen ser heller ikkje for seg at nasjonale myndigheter eller andre enn kommunen sjølv skal kome inn og styre område som verdsarvområdet. Men dei skulle ønske at nasjonale myndigheter bidrog meir økonomisk for å løyse store oppgåver knytt til infrastruktur.

Samtidig meiner informantane frå kommunen og Stranda hamnevesen at dei same reglane og reguleringane av cruisetrafikken må gjelde for heile Norskekysten. Dei meiner det blir vanskeleg og feil for eit lokalt hamnevesen å setje betydeleg strengare restriksjonar enn andre hamner, fordi dei er redd for at dette vil føre til at skip ikkje vil kome inn til området fordi krava er så strenge. Dei same reguleringane må gjelde for alle hamner slik at ikkje det blir eit konkurransefortrinn å ikkje prioritere miljø.

## **6. Analyse**

I dette kapittelet vil eg diskutere resultata i ljós av det teoretiske perspektivet som er lagt fram tidlegare i oppgåva, og bruke dette til å svare på problemstillingane mine.

Først vil eg søke å sjå informantane sine haldningar til turisme og oppfatning av utfordringar knytt til berekraft. At aktørane har ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane er avgjerande for at dei skal kome fram til felles mål og løysingar for utvikling av reiselivet og lykkast med nettverksstyring (Kobro et al. 2013). Vidare vil eg drøfte i kva grad Grøn fjord oppfyller kriteria for å lykkast med koordinering og nettverksstyring som er skissert i kapittel to. På grunnlag av dette vurderer eg kva nivå av koordinering Grøn fjord oppnår. Til slutt peikar eg på kva Grøn fjord får til og kva som er fordelar og ulemper med denne måten å organisere seg på.

### **6.1 Kvifor oppstod Grøn fjord?**

Ei sentral problemstilling i nettverkslitteraturen er kvifor styringsnettverk oppstår. Dette er også ei av mine underproblemstillingar. Mine funn viser at Grøn fjord oppstod fordi Verdsarvstiftinga og fleire forvaltningsaktørar oppfatta forureininga og omfanget av turisme og trafikk i Geirangerfjordområde som uholdbar. Dei meinte at dette hadde negative konsekvensar både for natur og miljø i form av slitasje og luftforureining, men også for sosial berekraft i lokalsamfunnet. Vidare er Grøn fjord eit initiativ for å skape meir samarbeid mellom aktørar i område då fleire meiner det er ei utfordring at ansvaret for verdsarven er spreidd på mange forvaltningshender.

#### ***6.1.1 Berekraftutfordringar***

Som Viken (2004) understrekar er det lite restriksjonar på kven som kan ta med seg folk inn i eit naturområde i Noreg og drive kommersiell verksemد, og allemannsretten står sterkt. I utgangspunktet er allemannsretten meint for at ikkje naturområde skal vere avgrensa til få og privilegerte grupper, den skal vere eit felles gode for alle lag av befolkninga. Denne tankegangen har lange tradisjonar i Noreg. Som Viken (2004) peikar på fungerer dette bra i dei fleste område, men i område som Geirangerfjorden der trafikken er stor er det fleire som etterlyser strengare regulering av trafikken for å sikre at ressursane skal bestå for framtidige generasjonar. Informanten frå administrasjonen i kommunen samanliknar situasjonen i Geiranger med ”allmenningens tragedie”, på same måte som Viken (2004) samanliknar

effekten av eit naturbasert reiseliv utan restriksjonar med ”allmenningens tragedie”. Viss ingen har eit overordna ansvar eller eigarskap til ressursen vil alle prøve å hente ut mest mogleg gevinst heilt til det er tomt. Den manglande eigarskapen gjer dette rasjonelt. Dersom ein aktør vel å redusere sin bruk, vil nokon andre aktørar i marknaden ta ut denne gevinsten og belastninga på ressursen vil vere den same.

Dette er også ei viktig forklaring på kvifor Grøn fjord oppstår. Så godt som alle mine informantar peikar på at ein var eller er i ferd med å nå eit metningspunkt for belastninga frå turismen i området. I følgje informanten frå Verdsarvstiftinga såg dei ein situasjon som var uholdbar, med forureining og utslepp, trafikkaos og store folkemengder. I verste fall kan dette føre til den situasjonen som Butler (1980) beskrev, der omfanget av turismen på ein stad aukar opp til det punktet der berekraftevna til natur og kultur seier stopp. Staden blir då mindre attraktiv på grunn av slitasje eller ”crowding”. Dette er ein situasjonen Verdsarvstiftinga og dei andre partnarane er einige om at dei vil unngå. Dei gjekk difor saman i Grøn fjord for å sjå korleis dei kunne samarbeide for eit grønare reiseliv. Dette er den same trenden som ein har sett i lokalsamfunn med masseturisme andre stadar i verda. Der har også problema vakse seg større over tid og politikarar har sett at dei må ta grep (Viken & Haukeland 2014).

### ***6.1.2 Koordineringssvikt og uklar ansvarsfordeling***

Fleire studiar hevdar at det lett oppstår særskilt koordineringssvikt i reiselivet samanlikna med andre næringar (Kobro et al. 2013; Nærings- og handelsdepartementet 2012). Funna i denne undersøkinga er med på å styrke denne teorien. Informanten frå Verdsarvstiftinga trekk fram utfordringa med at ansvaret for verdsarven var spreidd på mange forvaltningshender som ei viktig årsak til at dei tok initiativet til Grøn fjord. Informanten viser også til at dei såg mange interessekonflikter i området, og at ein var avhengig av meir samarbeid og at aktørane i større grad jobba mot felles mål.

Reiselivsnæringa er ikkje gjenstand for ei overordna sektorregulering slik som andre viktige næringar som fiskeri, olje og landbruk (Viken 2004). Noreg har lovverk for vern, men det finst ikkje eit lovverk og system som eksplisitt regulerer reiselivsnæringa. Dette meiner blant anna informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen er problematisk fordi den ukla rollefordelinga nasjonalt forplantar seg nedover i systemet til regionalt og lokalt nivå.

Informanten beskriv ein situasjon der lokale aktørar dokumenterer miljøtilstand, men at det ikkje er noko apparat nasjonalt som kan ta i mot denne informasjonen og løyse problema. Informanten beskriv situasjonen som at det er fleire ”missing links” i forvaltingssystemet.

Dette kan på mange måtar minne om situasjonen som Saglie (2006) beskriv som eit kollektivt handlingsproblem på grunn av fragmentert forvaltning. Alle mine informantar meiner at det er utfordringar knytt til berekraft og turisme i område. Dei beskriv ein situasjon der alle ventar på at ein annan skal ta initiativ til å løyse problema, og at ingen har tilstrekkelig med ressursar eller myndighet til å løyse situasjonen åleine. Det kan med andre ord virke som at ei årsak til koordineringssvikta er at forvaltningsansvaret for reiseliv er spreidd på mange forvaltningshender både nasjonalt, regionalt og lokalt og at dette er ei næring i vekst som ikkje er gjenstand for ei overordna sektorregulering.

Andre peikar på at koordineringsproblema i reiselivet oppstår fordi kommunen ikkje gir klare styringssignal for kva dei vil med reiselivet i kommunen. Informantane frå fylkesmannen er av den oppfatning at Grøn fjord partnarskapet oppstod på grunn av behovet for å koordinere utviklingsarbeidet, ei rolle som eigentleg kommunen skal ha.

Kobro et al. (2013) peikar også på at det manglar kunnskap og ressursar i kommunane for å forvalte reiselivet. Dette er også eit sentralt funn i dette studiet. Ein årsak til det er at Stranda kommune har dårlig økonomi, noko som gjer det vanskeleg for dei å bruke budsjettet som styringsverkty. I tillegg er dei ei lita kommune med liten administrasjon og fylkesmannen er tungt inne og hjelper dei med kompetanse. I følgje informantane frå fylkesmannen opnar lovverket for at ein kan regulere turismen strengare, men at det er vanskeleg for ei lita kommune å ha oversikt over lovverket og dei verktya som dei faktisk har.

Også informanten frå politisk nivå i kommunen peikar på at dei kan gjere meir og at det er dei som har det overordna ansvaret. Kobro et al. (2013) stiller spørsmål ved om utvikling av berekraftig reiseliv kan vere ein integrert del av det å utvikle eit attraktiv lokalsamfunn, eller om desse to er konkurrerande omsyn. Hovudoppgåva til ei folkevald kommune er å syte for at kommunen er ein god stad å leve for dei som bur der. Ein del av dette er å skape arbeidsplassar og syte for grunnleggjande velferdstilbod. Dei skal også bevare naturen, då rein og vakker natur er eit gode som kan vere viktig for livskvalitet for innbyggjarane. Når

miljøtiltak kan truge små bedrifter med avgrensa omsetjing er dette vanskeleg for kommunen å innføre fordi dei ikkje vil miste lokale inntekter og arbeidsplassar (Kobro et al. 2013).

I kommunar som Stranda er naturen eit særskilt viktig grunnlag for næring og ein ynskjer at dette skal vere ei viktig inntektskjelde også i framtida. Kommunen skal difor sørge for at reiselivet er berekraftig og samtidig legge til rette for næring og arbeidsplassar i dag. Mine funn støttar teorien til Kobro et al. (2013) om at dette er ein vanskeleg balanse for ei kommune. Særskilt er det vanskeleg for ei kommune som Stranda og ei bygd som Geiranger der turismen er sjølve berebjelken i bygda og har lange tradisjonar. I tillegg er Stranda kommune som sagt ei lita kommune med därleg økonomi. Alle mine informantar trekk fram den vanskelege kommuneøkonomien som ein årsak til at det er ekstra vanskeleg for kommunen å setje strengare krav til reiselivet og redusere volumet av cruisetrafikken.

## 6.2 Grøn fjord som koordinator

I litteraturen blir nettverk trekt fram som moglege løysingar på koordineringsproblemet i reiselivsnæringa (Kobro et al. 2013; McCool 2009; Nærings- og handelsdepartementet 2012). Ei slik koordinering gjennom nettverk omfattar mange aktørar med ofte ulik agenda, preferansar, normer og rutine og det kan vere krevjande å oppnå koordinering mellom dei (Saglie 2006; Singleton 2000). At koordinering gjennom nettverk er krevjande blir stadfesta i denne undersøkinga, og ulik agenda og preferansar er ei viktig forklaring på kvifor koordinering gjennom Grøn fjord viser seg å vere vanskeleg. Det at Stranda hamnevesen valde å trekke seg ut av samarbeidet fordi dei opplevde at deira synspunkt ikkje vart hørt i tilstrekkelig grad, er et tydeleg teikn på vanskelege samarbeidsforhold. Grøn fjord har fleire utfordringar som koordinator. I det teoretiske perspektivet i denne oppgåva har eg gjort greie for fleire føresetnadalar for å lykkast med nettverksstyring henta frå litteraturen. Vidare vil eg evaluere Grøn fjord som koordinator på grunnlag av desse føresetnadane.

### 6.2.1 Felles mål og problemforståing

Ein viktig føresetnad for å lykkast med nettverksstyring og koordinering er at aktørane har eit felles mål, og ei felles problemforståing eller oppfatning av verkelegdomen (Røiseland & Vabo 2008). Denne undersøkinga viser at sentrale aktørar i Geirangerfjordområde har ulik problemforståing. Hovudskilje går mellom Verdsarvstiftinga og Stranda hamnevesen. Dette

kan langt på veg forklarast ut frå kva som er deira mandat. Stranda hamnevesen skal først og fremst syte for sikkerheit på fjorden og lønnsemd i føretaket. Verdsarvstiftinga skal verne om verdsarvverdiane. I følgje Viken (2004) er nettopp ønskje om vern på den eine sida og ønskje om nyttiggjere seg av naturen for å skape lokal næring på den andre sida, eit av fleire miljøparadoks i reiselivet.

Samtidig som det er ueinigkeit mellom nokre aktørar, er også mange aktørar einige om det er reelle berekraftutfordringar knytt til turismen i område, men dei har ulik oppfatning av kor store desse utfordringane i realiteten er. Vidare er det ulike oppfatningar av om dei største utfordringane er knytt til den landbaserte eller maritime trafikken. Informanten fra Hamnevesenet meiner at trafikken på fjorden fungerer fint og at dei store utfordringane er knytt til den spådde auka i trafikk på land. Andre understrekar at ein i større grad må vurdere korleis trafikken på sjøen påverkar trafikken på land. Informantane har også ulike meiningar om korleis ein skal regulere cruisetrafikken og kor mange båtar ein skal ta i mot i løpet av eit døgn.

### ***6.2.2 Tillit mellom gjensidig avhengige aktørar***

Ein viktig føresetnad for å lykkast med nettverksstyring er at aktørane er gjensidig avhengige av kvarandre, samtidig som dei er autonome aktørar. Alle mine informantar er engasjerte i bygda og vil det beste for bygda og området. Dei påverkar alle korleis området framstår og dei er klart gjensidig avhengige av kvarandre for å bevare og utvikle Geiranger som attraktiv stad å besøke og bu. Samstundes er dei autonome aktørar med til dels konkurrerande interesser som har sitt mandat og segment å ta omsyn til.

Fleire studiar peikar på at tillit mellom deltakarane som avgjerande for å lykkast (Kobro et al. 2013; Rhodes 2000). Nettverksdeltaking er ofte frivillig og aktørane kan når som helst i prosessen velje å trekke seg ut. Det som held nettverket saman er med andre ord tillit og velvilje frå aktørane til å vere med og samarbeide. Tillit er ein sårbar mekanisme og er krevjande å byggje opp og oppretthalde mellom aktørar med til dels motstridane interesser.

Denne undersøkinga syner at Grøn fjord har utfordringar med å skape tillit blant alle aktørane. Dette er særskilt synleg gjennom at Hamnevesenet, som kanskje er den mest sentrale aktøren på fjorden, har valt å trekke seg ut av partnarskapet. Som det går fram av intervjua har Hamnevesenet og Verdsarvstiftinga, som er initiativtakaren til samarbeidet,

veldig ulike oppfatningar av kva som er situasjonen i Geiranger. Informanten frå Verdsarvstiftinga beskriv ein kritisk situasjon når det gjeld forureining og belastning på område. Informanten frå Hamnevesenet beskriv ein trafikk på fjorden som fungerer heilt fint og som dei har kontroll over. Det at desse aktørane ikkje nærma seg kvarandre i styringsgruppa og at Hamnevesenet valde å gå ut, vitnar om at dei står langt frå kvarandre. Hamnevesenet er i dag også kritisk til Grøn fjord sin kommunikasjon og meiner miljødebatten skadar omdømet til Geiranger som reisemål.

Situasjonen blir også meir kompleks når Hamnevesenet er eigd av kommunen, og kommunen er partner i Grøn fjord og sentral aktør i styringsgruppa. Informantane frå kommunen er begge klar på at dei stiller seg bak innhaldet i Grøn fjord. Det kan virke som at informanten frå Hamnevesenet oppfattar styringssignalene til kommunen som noko uklare. Samtidig som at Hamnevesenet ikkje får beskjed frå kommunen som eigar om at dei skal regulere trafikken på fjorden annleis, er Grøn fjord klare på at det må setjast strengare krav til cruisetrafikken og at talet på besökande skip i løpet av ein dag må ned.

På mange måtar styrkar resultata frå denne undersøkinga Sørensen og Torfing (2005) si beskriving av styringsnettverk som lite robuste, og at uløyselege konflikter og frustrasjon over manglande resultat er faktorar som kan gjøre nettverk ustabile. Nettopp frustrasjon over manglande resultat er i følgje informanten frå Hamnevesenet ein av grunnane til at dei valde å trekkje seg ut av samarbeidet. Informanten fortel at dei nådde eit punkt der dei verken hadde meir tid eller ressursar å bruke på eit prosjekt som dei ikkje oppfatta som matnytting.

Det er viktig å understreke at tilliten blant fleire partnarar i Grøn fjord er god. Samtidig er dette aktørar som i utgangspunktet var nokså einige og i stor grad hadde lik problemoppfatning og ynskje for reiselivet i området. Utfordringa i Grøn fjord er som informanten frå Destinasjon Geiranger peikar på, å få dei som er usamde inn i samarbeidet.

### **6.2.3 Likeverdig deltaking**

Eit funn i intervjuet er at det er Verdsarvstiftinga som i størst grad har eigarskapkjensle til Grøn fjord. Dette er ei utfordring med tanke på oppnå likeverdig deltaking, som er ein viktig føresetnad for å lykkast med nettverksstyring (McCool 2009; Stokke et al. 2016). Det er berre informanten frå stiftinga som omtaler nettverket som ”vi i Grøn fjord”. Dei andre referer til

”dei i Grøn fjord”. Informanten frå administrasjonen i fylkesmannen peikar på at fleire sentrale aktørar har eit større apparat rundt seg og at aktørar frå Verdsarvstiftinga er kunnskapsrike og har sterke meningar. Dette kan i følgje informanten gjere det vanskeleg for mindre aktørar å tale si sak dersom dei er ueinige med sentrale aktørar i styringsgruppa.

Situasjonen som er beskrive over styrkar Røiseland og Vabo (2008) sin teori om at likeverdig deltaking er vanskeleg å oppnå i praksis når ein skal forhandle og oppnå konsensus. Nokre aktørar vil då høgst sannsynleg få ein dominerande posisjon på grunn av sin kapasitet og tilgang på ressursar. Fagleg ekspertise, kontroll over informasjon og ideologisk overtyding kan vere kjelde til makt i forhandlingsprosessar (Røiseland & Vabo 2008). Verdsarvstiftinga sin sterke posisjon kan forklarast med at det var dei som tok initiativet til samarbeidet. Vidare har dei finansiert store delar av prosjektet og dei er ressurssterke i form av kunnskap og ekspertise. Fylkeskommunen er ein aktør som bidrar med betydelege midlar inn i Grøn fjord samarbeidet og til forvaltninga av verdsarven. Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen fortel at dei gått inn med betydelege summar i verdsarvområde og då ynskjer dei også å vere med i styringa. Dei er ein ressurssterk aktør både med tanke på økonomi, kunnskap og myndighet. Fleire av mine informantar meiner Grøn fjord er heilt avhengige av sentrale eldsjeler frå Verdsarvstiftinga og fylkeskommunen for å bestå. Dette underbygger poenget til Strand (2007) om at i mangel på faste rammer og kommandoar blir relasjonar og kontaktflater viktigare og enkelpersonar sitt engasjement avgjerande for nettverket sine kvalitetar.

#### **6.2.4 Legitim leiing**

I følgje Stokke et al. (2016) er også ei tydeleg og legitim leiing ein føresetnad for å lykkast med nettverksstyring. Styringsgruppa i Grøn fjord består hovudsakleg av representantar frå forvaltninga og destinasjonsselskap. Små næringsaktørar vel ein representant som skal tale deira sak inn i styringsgruppa. Verdsarvstiftinga har ei sekretariatrolle og rolla som prosjektleiar. Som diskutert i førre avsnitt har sentrale aktørar for stiftinga og fylkeskommunen dominerande roller i nettverket. På grunnlag av det som kjem fram i intervjua om at sterke personlegdomar kan vere dominerande i samarbeidet, og at eigarkjensla til prosjektet er varierande, stiller eg spørsmål ved om det er ei legitim leiing i Grøn fjord per i dag. Hamnevesenet valde som nemnt å gå ut av partnarskapet på grunn av at dei følte at dei ikkje vann fram med sine synspunkt.

Informanten frå Verdsarvstiftinga understrekar imidlertid i intervjuet at ingen skal skytast på eller føle seg som syndebukk i Grøn fjord, men at alle må bidra så godt dei kan for å jobbe mot den felles visjonen om sporlaus ferdsel. Informanten er klar på at det ikkje er deira intensjon å frelse nokon og at dei skal vakte seg for å vere «besserwisserar».

Som fleire forskrar peikar på må ein ha ei viss form for leiing av eit nettverk (Fimreite 2005; Jessop 1998; Sørensen & Torfing 2009). I følgje Røiseland og Vabo (2008) skal styringa først og fremst legge til rette for koordineringsprosessar, meir enn at ein styrer utfallet av prosessen. Kobro et al. (2013) beskriv leiing av nettverk som ei form for tilrettelegging og understrekar at leiinga må justere seg etter dei utfordringane nettverket står overfor.

Det er ikkje sikkert Verdsarvstiftinga kunne gjort så mykje annleis i starten av arbeidet med Grøn fjord. Nettverk er som sagt ein frivillig aktivitet og ein er avhengig av at eldsjeler tek initiativ. No som initiativet er etablert og mange partnarar har signert, kan det vere lurt av leiinga å justere seg etter kva som no blir dei framtidige utfordringane for nettverket slik som Kobro et al. (2013) påpeikar. På grunnlag av funna i denne undersøkinga er ei framtidig utfordring for Grøn fjord å engasjere partnarane sine meir. Dette etterlyser blant ann informanten frå samferdselsutvalet. Informanten frå Verdsarvstiftinga trekk også fram dette som ei av dei tinga dei kan bli betre på. Det kan også vere at stiftinga må ha ei mindre dominerande rolle og i større grad vere ein som legg til rette for koordineringsprosessar, meir enn ein som styrer utfallet av prosessen .

Informantane frå fylkesmannen stiller spørsmål ved om kanskje kommunen skal vere den som i større grad styrer Grøn fjord og bruker den aktivt som ein ressurs i sitt utviklingsarbeid. Det er imidlertid ingenting som tyder på at dette er noko kommunen sjølv har tenkt på, då dei beskriv Grøn fjord som ei vaktbikkje og at dette er ei viktig rolle Grøn fjord skal ha i framtida.

### ***6.2.5 Legitimt kunnskapsgunnlag***

Arbeidet som i dag er i verksett av Sjøfartsdirektoratet er etter mi meinung heilt avgjerande for at aktørane kan nærme seg kvarandre og få ei meir felles verkelegheitsoppfatning. Ein sentral del av det som provoserer Hamnevesenet er at i følgje informanten at ein stor del av

dei problema som Grøn fjord skisserer berre er basert på synsing. Hamnevesenet er også engasjert i eit berekraftprosjekt i regi av NTNU, og Grøn fjord har tett konktakt med fleire andre forskingsinstitusjonar. Samla vil dette framover produsere mykje kunnskap om reiselivet i området. Eg vil tru at resultatet av dokumentering og forsking av fleire uavhengige institusjonar vil etablere eit fakta- og kunnskapsgrunnlag som er naudsynt for at aktørane kan nærme seg kvarandre.

### ***6.2.6 Forankring i moderorganisasjonane***

For at Grøn fjord skal oppnå resultat og få aktørane til å trekke meir i same retning, må det som blir vedtatt i nettverket i større grad forankrast tilbake til moderorganisasjonane. Det må oppretta meir systematiske rutinar for dette enn det er per i dag. I dag er nettverket svært avhengig av enkelte eldsjeler, og dersom desse forsvinn frå si stilling kan det vere sårbart for Grøn fjord. Til dømes er det sterke bandet til fylkeskommunen i stor grad avhengig av ein enkelperson i administrasjonen som også har ei sentral rolle i Verdsarvrådet, og som har jobba mykje med verdsarv og Geirangerfjorden generelt. Å få ei meir systematisk forankring tilbake til moderorganisasjonane er avgjerande for at Grøn fjord kan bidra til meir langsiktig utvikling i området.

Intervjuva viser at aktørane er veldig positive til grøne prosjekt i teorien, men at dette ikkje har så stor prioritet internt i moderorganisasjonane. Verken i forkant eller i etterkant av møta blir Grøn fjord tatt opp som ein systematisk post på møter, og representanten har ikkje noko forhandlingsrom som er fastlagt på førehand. I følgje Hanssen et al. (2014) er nettopp eit slikt definert forhandlingsrom ein av føresetnadane for å lykkast med å bygge felles forståing og finne fram til felles løysingar.

### ***6.2.7 Nivå av koordinering***

På bakgrunn av det som er diskutert over er det per i dag ikkje grunnlag for å seie at Grøn fjord er meir enn ei enkel koordineringsform. Gjennomgangen viser at Grøn fjord plasserer seg på nivå ein og kanskje nivå to i koordineringsklassifiseringa, jamfør Stokke et al. (2016). Grøn fjord har klart å få mange relevante aktørar inn i eit fellesskap og samle dei kring eitt bord der dei kan utveksle informasjon og kunnskap, dette samsvarer med den enklaste forma for koordinering. Nivå to er koordinering gjennom prosess der alle aktørar er gitt moglegheit til å uttrykkje deira mening. Dette gjer Grøn fjord til ein viss grad, men ein kan ikkje

plassere Grøn fjord på dette nivået då ein av dei mest sentrale aktørane valde å trekke seg frå samarbeidet fordi dei følte at deira perspektiv ikkje vart hørt og tatt omsyn til i tilstrekkelig grad.

Nivå tre av koordinering er koordinering av innhald, der ulike interesser og verdiar blir balansert og dannar grunnlag for etablering av eit felles overordna mål. I styringsgruppa i Grøn fjord kan alle seie si meining og kome med innspel til handlingsplanen. I kva grad ulike omsyn blir balansert er likevel noko usikkert. Dei har etablert eit felles mål og ein handlingsplan der det overordna målet er sporlaus ferdsel. Informantane frå kommunen og Destinasjon Geiranger seier at dette er mål som alle i styringsgruppa stiller seg bak og at det var ein grundig prosess å kome fram til desse måla.

Samtidig beskriv informanten frå Destinasjon Geiranger ein situasjon der det nesten er ei polarisering mellom dei som har valt å vere partner og dei som står utanfor. Informanten frå administrasjonen i fylkeskommunen seier også at det Grøn fjord står for i nokre tilfelle kan gå på tvers av lokale næringsinteresser. Dette samsvarer med at informanten frå Hamnevesenet føler at deira mandat om å sikre lønnsemrd i si næring ikkje vart tatt tilstrekkelig omsyn til i Grøn fjord. Det er tydeleg at Grøn fjord ikkje har oppnådd koordinering gjennom å balansere ulike interesser, verdiar og etablering av felles overordna mål. Det kan virke som at dei som er ueinige har valt å stå utanfor samarbeidet eller trekke seg ut, og at innhaldet i Grøn fjord i stor grad samsvarer med haldningar og mål internt i Verdsarvstiftinga. For å oppnå koordinering er det som informanten frå Destinasjon Geiranger gir uttrykk for ikkje alltid mest hensiktsmessig å diskutere med dei ein er einige med for å oppnå resultat.

Den mest aktive forma for koordinering er koordinering gjennom kollektiv handling, der alle aktørar bidrar i fellesskap til å realisere det overordna målet. Dette tilsvarer nivå fire koordinering Stokke et al. (2016). Arbeidet som skjer internt hjå kvar aktør for å få sertifisering som miljøfyrtårn er eit prosjekt som alle aktørane har samla seg rundt. Informanten i Geiranger og Nordfjord Cruisehandling beskriv det som eit prosjekt som får dei til å tenke seg meir nøye om korleis dei kan bidra. Informantane frå Verdsarvstiftinga og kommunen seier at dette har ført til meir grønt fokus i næringa og at det er eit prosjekt som det er knytt stoltheit til. Informanten frå administrasjonen i kommunen meiner at dette er ein riktig strategi då det gir næringa eit insentiv for å velje grønt i staden for å setje fokus på det

dei gjer feil. Dette er eit viktig prosjekt som Grøn fjord har etablert. Til ein viss grad kan ein sjå på dette som ei form for kollektiv handling, der aktørar bidrar i fellesskap for å realisere det overordna målet. Det er likevel ikkje grunnlag for å seie at Grøn fjord oppnår nivå fire koordinering, då dei ikkje kan seiast å oppfylle kriteria på dei lågare nivåa av koordinering.

### 6.3 Grøn fjord som pådrivar for entreprenørskap

I tillegg til å bidra til meir samarbeid mellom aktørar er ein viktig del av formålet med Grøn fjord er at dei skal vere ein pådrivar for lønsam klima- og miljøvennlig utvikling og dyrke entreprenørskapen. Funna i denne undersøkinga viser at Grøn fjord oppnår ein del på dette område.

Fleire av mine informantar meiner Grøn fjord i dag fungerer som ein kunnskapsbase både for lokalt næringsliv og offentleg forvaltning. Dei arrangerer fagseminar som er relevante for næringslivet og hjelper bedrifter med å søke om midlar til utprøving av meir miljøvennlig teknologi. Fleire peikar på arbeidet med miljøsertifisering av bedrifter som eit viktig tiltak og at det kan virke som ei gulrot for at bedriftene skal velje meir miljøvennlege løysingar internt. I følgje fleire informantar bidrar arbeidet i Grøn fjord til større fokus på miljø i næringslivet og at kvar enkelt tenkjer meir over korleis ein kan bidra. På denne måten har Grøn fjord ei viktig rolle som tilretteleggar for miljøvennlig adferd blant lokale bedrifter og organisasjonar. Informantane frå kommunen og fylkeskommunen peikar på at Grøn fjord også er ein støtte for kommunen og forvaltninga. Dei har tilført både fagleg kompetanse og økonomiske ressursar til området gjennom samarbeid med høgskular, universitet, forsking og nasjonale institusjonar. I tillegg trekk konferansane dei arrangerer folk frå både innland og utland.

Vidare viser denne undersøkinga at Grøn fjord er ein aktør som set miljø på dagsordenen. Det at dei har vore ein pådrivar for at Sjøfartsdirektoratet no er i gang med å dokumentere i kva grad maritim trafikk bidrar til forureining av luft og sjø er eit svært viktig arbeid. Dette kan som sagt danne grunnlag for eit legitimt kunnskapsgrunnlag om miljø og reiseliv som har mangla i dette område. Dette er ein tydeleg strategi frå Grøn fjord at dei skal løfte vanskelege problemstillingar opp og fram. Som informanten frå Sjøfartsdirektoratet påpeikar er det lett for at miljø blir nedprioritert dersom ein ikkje har eldsjeler som kjemper for desse sakene.

## **7. Konklusjon og implikasjon**

Denne studien har undersøkt korleis Grøn fjord partnarskapet kan bidra til meir koordinering i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden. Funna samsvarer i stor grad med Sørensen og Torfing (2005) som viser at grunnlaget for å lykkast med nettverksstyring er sårbart, og at samarbeidet baserer seg på lite robuste prosessar.

Eit sentralt funn i undersøkinga er at det manglar heilsakapleg leiing og koordinering av reiselivet i Stranda kommune. Fleire av mine informantar etterlyser klarare styringssignal frå kommunen og at kommunen må bestemme seg for kva dei vil med reiselivet i Geiranger.

Dette samsvarer med funna i studien til Kobro et al. 2013 som viser at det manglar ei heilsakapleg leiing og koordinering av reiseliv og stadsutvikling i mange norske kommunar. Kobro et al. (2013) peikar på etablering av tillitsfulle nettverk som ein sentral suksessfaktor for koordinering av reiseliv og lokalsamfunn. På dette tidspunktet er det ikkje grunnlag for å seie at Grøn fjord bidrar til betre koordinering.

Samtidig utelukkar ikkje denne undersøkinga at tillitsfulle nettverk kan bidra til å løyse koordineringssvikten i reiselivsnæringa slik som Kobro et al. (2013) hevdar, og som Nærings- og handelsdepartementet peikar i sin reiselivsstrategi (Nærings- og handelsdepartementet 2012). Samtidig vil eg på grunnlag av denne studien argumentere for at ein i større grad må ta høgde for at dette er krevjande, og at framtidig forsking må kome med anbefalingar for korleis dette skal fungere i praksis.

Denne studien viser at Grøn fjord per i dag har begrensa moglegheiter for å oppnå meir koordinering og samhandling mellom aktørane i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geiranger. Samtidig viser også funna i studien at Grøn fjord bidrar til ei meir berekraftig reiselivsutvikling gjennom å legge til rette for miljøvennlig adferd og entreprenørskap blant lokale bedrifter og organisasjonar. Vidare vil eg med bakgrunn i denne studien anbefale to ulike alternativ som kan bidra til at nettverket oppnår større legitimitet i lokalsamfunnet.

Ein føresetnad for å lykkast med nettverksstyring er som sagt at ein oppnår konsensus gjennom forhandling. Aktørane må kome fram til løysingar som alle kan stille seg bak. Dersom ikkje dette skjer kan aktørar når som helst melde seg ut av samarbeidet slik som

Hamnevesenet har gjort. Ei anbefaling er difor at Grøn fjord i mindre grad tek stilling til konfliktfylte tema og reindyrker rolla som tilretteleggar for miljøvennlig adferd og entreprenørskap blant lokale bedrifter og organisasjonar. Per i dag er det denne oppgåva dei lukkast best med. Konferansane dei arrangerer er med på trekke viktig miljøkompetanse til område og ordninga med miljøsertifisering er med på auke miljøbevisstheita internt i bedrifter og organisasjonar. Denne studien viser at dette er ein betre strategi for å skape engasjement for prosjektet i bedriftene enn å peike på kva dei gjer gale. Når nokon føler seg som syndebukkar er dette eit vanskeleg utgangspunkt for frivillig samarbeid som skal basere seg på tillit.

Dersom Grøn fjord skal ha ei koordineringsrolle, kan det vere nyttig at kommunen i større grad går inn og styrer samhandlingsprosessane. Informantane fra fylkeskommunen forslår langt på veg at Grøn fjord meir kan reindyrke rolla si som ein som hjelper kommunen med utviklingsarbeidet. Informantane viser til at Grøn fjord kan skrive forslag til planar og kome med innspel. Dette kan skape større oppslutning kring kommunale planar då fleire aktørar har fått moglegheit til å diskutere saman i eit fellesskap og sei si meining. Dette samsvarer i stor grad med det som kjenneteiknar kommunikativ planlegging der lokal påverknad skal vere med på å legitimere kommunen si samfunnsplanlegging (Amdam 2012). Samtidig er det kommunen som til slutt må bestemme og vege ulike omsyn mot kvarandre som øvste planmyndighet. Dette vil vere ei form for meta-styring der kommunen i større grad bruker nettverket som eit verkty for å sikre at kommuneplanen får større legitimitet gjennom lokal forankring, oppslutning og deltaking.

Til slutt er det viktig å understreke at arbeidet som Grøn fjord no er i gang med er tidkrevjande. Å bygge tillitsrelasjonar, felles problemforståing, felles mål og visjonar for framtida er krevjande prosessar som tek tid (Sørensen & Torfing 2009). Ein skal heller ikkje undervurdere verdien av eit lokalt engasjement som tross alt har klart å samle mange relevante aktørar rundt eit bord og sett miljø- og berekraft på dagsordenen. Informanten fra Verdsarvstiftinga undersrekar at dei enno er i startfasen av eit krevjande og langsiktig arbeid.

## Litteratur

- Amdam, R. (2012). Fokus på prosess: Kommunikativ og samarbeidande planlegging. I: Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. (red.) *Utfordringar for norsk planleeging. Kunnskap, bærekraft og demokrati*. Oslo: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Butler, R. W. (1980). THE CONCEPT OF A TOURIST AREA CYCLE OF EVOLUTION: IMPLICATIONS FOR MANAGEMENT OF RESOURCES. *Canadian Geographer / Le Géographe canadien*, 24 (1): 5-12.
- Falleth, E. I., Hovik, S. & Stokke, K. B. (2003). Sammenligning av arealplanlegging og landskapsvern som virkemidler i forvaltningen av verneverdige områder. *Utmark - tidsskrift for utmarksforskning*.
- Fimreite, A. L. (2005). Governance i norske storbyer: gammel vin på ny flaske, men likevel utfordrende. *Plan*, 37 (05): 46-48 ER.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. 2 utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hanssen, G. S., Hovik, S. & Hundere, G. C. (2014). Den nye vannforvaltningen - Nettverksstyring i skyggen av hierarki. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift* (03).
- Hatch, M. J. (2010). *Organisasjonsteori*. 8 utg. Oslo: Abstrakt forlag.
- Haukeland, J. V. & Lindberg, K. (2001). Bærekraftig reiselivsforvaltning i naturområder, TOI rapport 550/2001. Oslo: Transportøkonomisk institutt.
- Hofstad, H. (2012). *Håndtering av "Wicked Problems" i kommunal planlegging*. Oslo: Universitetet i Oslo, Det samfunnsvitenskapelige universitet.
- Jessop, B. (1998). The rise of governance and the risks of failure: the case of economic development. *International Social Science Journal*, 50 (155): 29-45.
- Johannessen, A., Kristoffersen, L. & Tufte, P. A. (2004). *Forskningsmetode for økonomisk - administrative fag*. Oslo: Abstrakt forlag.

- Kobro, L. U., Vareide, K., Haukeland, P. I. & Jervan, B. (2013). Duett eller duell? Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling: Telemarksforsking.
- Kooiman, J. (1993). *Modern Governance. New Government-Society Interactions*. London: Sage.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- McCool, S. F. (2009). Constructing partnerships for protected area tourism planning in an era of change and messiness. *Journal of Sustainable Tourism*, 17 (2): 133-148.
- Møre og Romsdal fylke. (2008). Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden, 2008:04.
- Norges verdsarv. (u.å-a). *Vestnorsk fjordlandskap*. Tilgjengelig fra: <http://www.norgesverdensarv.no/vestnorsk-fjordlandskap.134753.no.html> (lest 21.03).
- NRK Møre og Romsdal. (2014, 29.07.2014). Utslepp og overdiven turisme har øydelagt Geiranger.
- Nærings- og handelsdepartementet. (2012). Destinasjon Norge - Nasjonal strategi for reiselivsnæringen. Oslo.
- Nærøyfjorden verdsarvpark. (u.å). *Prosjekt: Besøksforvaltning*. Tilgjengelig fra: <http://www.naroyfjorden.no/besksforvaltningsprosjektet/> (lest 23.03.2017).
- Plan- og bygningsloven. (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 27*.
- Rhodes, R. A. W. (2000). The Governance Narrative: Key Findings and Lessons from the Erc's Whitehall Programme. *Public Administration*, 78 (2): 345-363.
- Rittel, H. W. J. & Webber, M. M. (1973). Dilemmas in a general theory of planning. *Policy Sciences*, 4 (2): 155-169.
- Røiseland, A. & Vabo, S. I. (2008). Governance på norsk. Samstyring som empirisk og analytisk fenomen. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 24 ER (01-02).
- Saglie, I.-L. (2006). Fragmented institutions: the problems facing natural resource management. I: Rydin, Y. & Falleth, E. (red.) *Networks and institutions in natural resource management* Edward Elgar Publishing.

- Singleton, S. (2000). Co - operation or capture? The paradox of co - management and community participation in natural resource management and environmental policy - making. *Environmental Politics*, 9 (2): 1-21.
- Stokke, K. B. (2006). The Morsa River Basin, Norway: collective action for improving water quality. I: Rodin, Y. & Falleth, E. (red.) *Networks and institutions in natural resource management*, s. 123-138: Edward Elgar.
- Stokke, K. B., Haukeland, J. V. & Clemetsen, M. (2016). Koordinert besøksforvaltning som redskap for bærekraftig reiselivsutvikling. En casestuide av Nærøyfjordområdet.
- Strand, T. (2007). *Ledelse, organisasjon og kultur* 2utg. Bergen: Fagbokforlaget
- Svaland, M. (2016). *Lokalsamfunn og bæreevne i verdensarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Et lokalt perspektiv på reilseiv- og lokalsamfunnsutvikling i Geiranger*. Ås: Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Institutt for landskapsplanlegging.
- Sørensen, E. & Torfing, J. (2005). *Nettværksstyring - fra government til governance*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Sørensen, E. V. A. & Torfing, J. (2009). Making Governance Networks Effective and Democratic through Metagovernance. *Public Administration*, 87 (2): 234-258.
- Tjora, A. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- UNESCO. (u.å). *West Norwegian Fjords - Geirangerfjord and Nærøyfjord*. Tilgjengelig fra: [http://whc.unesco.org/en/list/1195/multiple=1&unique\\_number=1372](http://whc.unesco.org/en/list/1195/multiple=1&unique_number=1372) (lest 11.05).
- Vestlandsrådet. (2016). Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020.
- Viken, A. (2004). *Turisme. Miljø og Utvikling*. Oslo: Gyldendal akademisk.

- Viken, A. & Haukeland, J. V. (2014). Miljø og turisme - et dilemma. I:  
Jacobsen, J. K. S. & Viken, A. (red.) *Turisme. Fenomen og  
næring*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Aall, C. (1997). Bærekraftig reiseliv - mye "liv" og lite "reise"?  
Sluttrapport fra prosjektet "Et miljøtilpasset reiseliv. En  
kartlegging og vurdering av miljømotivert virkemiddelbruk i  
reiselivet", VF- rapport 17/19: Vestlandsforskning.

# Vedlegg 1

## Intervjuguide

### 1. Introduksjon

Presentere meg sjølv

Informere om prosjektet

Denne oppgåva er ein del av eit større prosjekt ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling” i Vestnorsk Fjordlandskap” som no pågår i verdsarvområdet. Dette prosjektet har som mål å kartlegge ulike behov ved vidare utvikling og forvaltning av området. Bakgrunnen for prosjektet er det høge trykket lokalsamfunna i verdsarvområdet opplev, og gjennom besøksforvaltninga ønskjer ein å oppnå ein balansegang mellom å gi gode opplevingar for dei besøkande, legge til rette for lokal verdiskaping og samstundes ivareta naturverdiane. Knut Bjørn Stokke og Jan Vidar Haukeland er mine vugleiarar, og begge er deltagande i prosjektet.

Info om intervjuet; dokumentasjon, etterarbeid av data og kva som skjer med data når prosjektet er ferdig (meldt til NSD – norsk senter for forskningsdata)

Garantere anonymitet

Om noko er uklart er det berre å spørje, og om noko er vanskeleg å svare på er det ok.

Gje eit anslag på kor lenge intervjuet skal vere

Spørje om det er i orden at eg tek opp intervjuet. Blir sletta når prosjektet er ferdig (+ nemne det praktiske; at det då er lettare for meg å vere med i samtalen når eg slepp å skrive samtidig)

### 2. Innleiande spørsmål

Kan du først fortelje litt om di stilling i x?

Kva er ditt/dykkars ansvar i forvaltninga av Geiranger?

Kan du seie litt om dykkars motivasjon for å bli partner i Grøn fjord?

### 3. Berekraftutfordringar og koordinering

Korleis opplever du/de situasjonen i Geiranger

- med tanke på forureining og aukande båttrafikk
- med tanke på ansvarsfordeling og strukturen i forvaltninga

Korleis tykkjer du koordineringa og samhandlinga mellom aktørane i Geirangerfjordområde fungerer?

### **Kvifor og korleis oppstod Grøn fjord partnarskapet?**

Kvifor har Grøn fjord partnarskapet vorte oppretta?

Kva er målet til Grøn fjord?

Kvifor er det eit behov for partnarskapet i tillegg til den offentlege forvaltninga?

### **Korleis fungerer styringsnettverket?**

Kva tiltak har vorte iverksatt som eit resultat av arbeidet i nettverket for å oppnå ei meir bærekraftig koordinering av trafikken på fjorden?

Kor ofte har de møter i Grøn fjord? Kva er erfaringane med desse møta? (er det rein informasjonsutveksling eller forsøker man å bli enige om konkrete strategiar og tiltak? Og korleis foregår i så fall dette?)

Opplever du at deltaking i nettverket har påverka praksis hjå dykk? Nemn gjerne eksempel.

Opplever du at aktørane i nettverket har ei felles problemforståing? Og ei felles forståing av kva som må til for å oppnå ei meir bærekraftig utvikling? Har det blitt noko endring over tid?

I kva grad deler de informasjon, erfaring og kunnskap innad i nettverket?

Korleis opplever du forankringa tilbake til deira eigne organisasjonar? (er det møter der du informerer om kva som er vorte tatt opp og eventuelt vorte einige om i Grøn fjord? Følges dette i såfall opp? Viss ja, korleis?)

Korleis er styringsstrukturen?

Korleis fungerer leiinga? Kan du seie noko om organisasjonsstrukturen i partnarskapet? Korleis fungerer dette, etter ditt syn?

### **Kva moglegheiter og begrensingar har Grøn fjord partnarskapet for å oppnå ei bærekraftig koordinering av den aukande turismetrafikken på fjorden og i hamnene?**

Kva er Grøn fjord sin viktigaste moglegheit til å påverke situasjonen i Geiranger?

Korleis meiner du Grøn fjord bidrar til betre koordinering og samhandling blant aktørar knytt til Geirangerfjordområde?

Kva legitimitet opplever du at nettverket har i representative organisasjonane, hjå andre aktørar og i lokalbefolkinga generelt?

Opplever du mykje motstand i nettverket? Er det vanskeleg å oppnå resultat og få gjennomslagskraft og gehør i kommune, fylkeskommune og sentrale forvaltningsmyndigheter?

Har dynamikken og haldninga til aktørar i nettverket endra seg med tida?

**Avsluttande spørsmål**

Kvífor meiner du Grøn fjord er viktig?

Kva betraktar du som dei viktigaste fordelane og ulempene med nettverket?

Korleis ser du for deg arbeidet vidare? Ynkjer, strategiar og mål?

Kva meiner du må til for å få ei meir bærekraftig utvikling i Geiranger?

**Avslutning – på ein ryddig måte**

forbered informanten: ”no er det berre to spørsmål igjen”

er det noko meir du ynskjer å seie? Noko som ikkje har vorte tatt opp? Er det noko du lurer på?

kan eg kontakta deg seinare om det viser seg at det er noko meir eg lurer på?

## Vedlegg 2

Kart over Vestnorsk Fjordlandskap. Henta frå UNESCO sine heimesier (UNESCO u.å).


### Location of the Geirangerfjord area and the Nærøyfjord area

The West Norwegian Fjords - a serial nomination to the World Heritage List (January 2004)



Direktoratet for  
Nature Management





Norges miljø- og biovitenskapelig universitet  
Noregs miljø- og biovitenskapslege universitet  
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003  
NO-1432 Ås  
Norway